

PLANSKILDRING

Detaljregulering med konsekvensutgreiing for Godøysund

Planid: 2018-04

Gnr: 101 Bnr: 1 m.fl., TYSNES KOMMUNE

Dato/revisjon: 01.11.2021

Forfattar: Omega Areal AS v/KJS

Oppdragsgjevar: Godøysund AS



TITTEL		
Detaljregulering for Godøysund GODØYSUND – Tysnes kommune		
PLANID 2018-04	DATO 01.11.21	REV - DATO -
PROSJEKTNRUMMER B56318	VERSJON 1	
OPPDRAKGJEVER Godøysund AS	OPPDRAKGJEVERS REFERANSE	
UTFØRT AV KJS	SIGN <i>Kjerstina Særsten</i>	
KONTROLLERT AV EPS	SIGN <i>Elen P. Selland</i>	
EKSTRAKT Innsending av planforslag til Tysnes kommune.		

Innhold


1 SAMANDRAG	5
SAMANDRAG AV KONSEKVENSUTGREIING	5
2 BAKGRUNN	7
2.1 FØREMÅLET MED PLANEN	7
2.2 FORSLAGSSTILLAR, PLANKONSULENT, EIGARTILHØVE	7
2.3 KRAV OM KONSEKVENSUTGREIING?	8
3 PLANPROSESSEN	8
3.1 VARSEL OM OPPSTART MED PLANPROGRAM	8
4 PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR	9
4.1 OVERORDNA PLANAR	9
4.2 GJELDANDE REGULERINGSPLANAR	10
4.3 TILGRENSANDE PLANAR	10
5 SKILDING AV PLANOMRÅDET	11
5.1 SKILDING AV PLANOMRÅDET	11
5.2 AREALBRUK FØR OG NO	12
6 SKILDING AV PLANFORSLAGET	14
6.1 PLANLAGT AREALBRUK	14
6.2 GJENNOMGANG AV AKTUELLE REGULERINGSFØREMÅL	14
6.3 PLASSERING AV BUSETNAD OG UTFORMING	17
6.4 BUSTADMILJØ/BUKVALITET	18
6.5 PARKERING	18
6.6 TRAFIKKLØYSING OG TILKNYTING TIL INFRASTRUKTUR	18
6.7 PLANLAGDE OFFENTLEGE ANLEGG OG REALISERING AV PLAN	20
6.8 UNIVERSELL UTFORMING	20
6.9 UTEOPPHALDSAREAL	20
6.10 KULTURMINNE	21

6.11 PLAN FOR VASS- OG AVLAUP SAMT TILKNYTING TIL OFFENTLEG NETT	21
6.12 PLAN FOR AVFALLSHENTING	21
7 KONSEKVENSUTGREIING	22
7.1 KONSEKVENSUTGREIING ETTER KONSEKVENSUTGREIINGSFORSKRIFTA	22
7.2 PLANPROGRAMMET	22
7.3 METODE, KJELDER OG USIKKERHEIT	23
7.5 ALTERNATIV.....	25
7.5 TEMATISK UTGREIING	27
7.6 SAMANSTILLING AV TEMA OG FØREBYGGING AV VERKNADER	48
8 ROS ANALYSE	49
8.1 BAKGRUNN	49
8.2 METODE	49
8.3 IDENTIFISERING AV UØNSKA HENDINGAR (TRINN 2)	52
8.4 RISIKO- OG SÅRBARHETSVURDERING	53
8.5 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	55
9 VERKNADAR / KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET	57
9.1 FORHOLD TIL GJELDANDE AREALPLANAR.....	57
10 INNKOMNE MERKNADAR	58
10.1 SAMANDRAG FRÅ INNKOMNE MERKNADAR	58
11 AVSLUTTANDE KOMMENTAR	64
12 VEDLEGG	64
13 KJELDELISTE	65

1 Samandrag

Godøysund AS har engasjert Omega Areal AS til å utarbeide detaljregulering for Godøysundøyane i Tysnes kommune. Øyane har i alle år vore eit populært reisemål, særleg for tilreisande med båt. Sommarstid var det stor aktivitet med hotellverksemد og tilhøyrande funksjonar. Etter 2000 har det vore lite aktivitet, og nå står mykje av den eksisterande bygningsmassen til forfall. Det er lite engasjement kring å starte opp drifta med hotell att.

Gjeldande reguleringsplan legg opp til høg grad av næringsverksemد på øya, i form av utleiehytter og leilegheitshotell. Godøysund AS som eig mesteparten av øya ser ikkje at ei slik drift vil vere aktuell, og ynskjer med reguleringsplanen å legge til rette for meir privateigde hyttetomtar som kan seljast og leilegheiter som kan seljast eller leigast ut. Godøysundøyane har vore viktig område for friluftsliv for ålmenta, og for tiltakshavarane er det viktig å sikre vidareføring av dette gjennom planen, med tilrettelegging og vedlikehald av friområda på land og i sjø.



Figur 1 - Ortofoto over området, kjelde: kommunekart.com

Samandrag av konsekvensutgreiing

I og med at planforslaget legg opp til andre føremål enn kva som er fastsett i gjeldande kommuneplan og reguleringsplan, er det krav til konsekvensutgreiing i samband med planarbeidet. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å få fram verknadane tiltaka i planforslaget vil få for miljø og samfunn. Godøysund ligg i eit område som i regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er kategorisert som *arealsone landskap*, som er område med regionalt viktige verdiar for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Desse interessene er konsekvensutgreidd som deltema. Alle deltema er vurdert etter storleik på verdi og påverknad, som samla gir eit bilet på den totale konsekvensen dei representerer. Planlagt utbygging er vurdert samanlikna med 0- alternativet som skildrar ein forventa situasjon dersom planen ikkje vert gjennomført. 0- alternativet tar utgangspunkt i dagens miljøtilstand og inkluderer utviklinga i området om gjeldande reguleringsplan (frå 2008) vert realisert . Gjeldande plan legg

også opp til utbygging på Godøysund, og gir eit godt samanlikningsgrunnlag for dei verknadane utbygginga etter planforslaget vil kunne få for omgjevnadane.

Planforslaget skårar litt negativt på tema landskap og naturmangfald, ettersom det vert lagt opp til inngrep i urørte naturområde. Nesten alle ordinære tiltak vert vurdert å ha negativ påverknad/konsekvens på naturmangfaldet, men omfanget av tiltaket gjer at konsekvensen samla sett her er vurdert liten negativ. Det vert stilt krav om avbøtande tiltak der utbyggingsføremål er vurdert å kunne komme i konflikt med nær trua artar.

Lett tilrettelegging for friluftsliv, med gjestebryggjer langs sjø, parkeringsmogleighet, turstiar, toalett og badeplassar, gjer friområda meir tilgjengelege. Godøysund har ei lang og unik historie knytt til sjøfart, og ei tilrettelegging for båtturisme og næring- og servicefunksjonar i samband med dette vert sett på som viktig å legge til rette for slik at kulturhistoria og områdets identitet vert vidareført. Dette er særleg viktig for å legge forholda godt til rette for at folk framleis kan komma sjøvegen og besøke Godøysund. Ei av utfordringane er at tilkomst med bil er avgrensa då bruva frå fastlandet har avgrensa kapasitet. Planlagt utbygging er difor tilpassa kapasiteten på vegnettet. Planforslaget får litt negativ konsekvens for infrastruktur og trafikk ettersom det vil verte meir trafikk enn det er per i dag, men samanlikna med 0-alternativet så vert konsekvensane for trafikkforholda mindre.

Arbeidet med å realisera gjeldande plan frå 2008 vart starta opp, men stoppa plutseleg opp. Gamle bygningsdelar og avfall ligg att etter dette, samstundes som eksisterande bygningar og anlegg står til forfall. Friområda er i stor grad attgrødd og tre ligg velta i skogen og ut i sjøen. Ei realisering av planen gir positiv konsekvens for ureining og miljø, då det er sett krav til opprydding i samband med ny utbygging i området.

Tabell med samanstilling av alle deltema med utgreidd konsekvens

Tema	Verdi	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering		Alternativ 1 = nytt planforslag				Avbøtande tiltak
		Omfang	Konsekvens	Omfang	Konsekvens			
Landskap	Middels	Forringa	--	Forbetra	Noko forringa	+	-	Føringar for utforming
Naturmangfald	Middels	Noko forringa	--	Noko forringa	Sterkt forringa	-	--	Minst mogleg inngrep. Krav til nærmere registrering av nær trua art før utbygging.
Friluftsliv, folkehelse, barn og unge, UU	Svært stor	Forbetra	++	Forbetra		++		
Strandsone	Stor	Noko forringa	-	Ubetydeleg		0		
Kulturminne- og kulturmiljø	Middels	Ubetydeleg	0	Forbetra		+		
Infrastruktur og trafikk	Stor	Forringa	--	Noko forringa		-		Tilpassa utbygging til kapasitet på vegnettet
Ureining og miljø	Middels	Ubetydeleg	0	Forbetra		+		

2 Bakgrunn

2.1 Føremålet med planen

Føremålet med planen er legge til rette for 28 nye hyttetomtar som kan skiljast ut enkeltvis og seljast. I tillegg skal det etablerast fritidsbustadleileigheter for sal eller utleige der eksisterande hotellbygg ligg, der det også vert lagt til rette for tenesteyting i 1. og evt. 2. etasje. Planen vil legge til rette for småbåtanlegg for fritidsbustadane og for besøkande til øya som kjem med båt. Det er tenkt at nokre av dei eksisterande bygningane skal bevarast og nyttast til blant anna bevertning/kafé, badehus, naust m.m. Eit par etablerte firma i kommunen som driv med bevertning andre stadar i kommunen, har vist interesse for å starte opp verksemd også på Godøysund. Plankartet og føresegnene skal sikra høg estetisk kvalitet og god tilpassing til terrenget. Så langt det er mogleg skal planforslaget avgrense biltrafikken på øya. Det er føreslått at offentleg parkering skal ligge på fastlandet. Det skal vere god tilgang til, og tilrettelegging av strandsona med vekt på å heva moglegheitene for tur og friluftsliv for alle som ønskjer å bruke området.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve

Omega Areal AS er engasjert av Godøysund AS for å utarbeida reguleringsplanen. Planområdet er eit historisk fritids-, bevertnings- og hotellområde knytt til fjorden og båtliv. Området er hovudsakeleg eigd av tiltakshavar Godøysund AS, bortsett frå nokre mindre eigedommar. Øyane har følgande eigartilhøve:

Tabell 1 Eigedomstilhøve (frå 2018).

Gårds- og bruksnummer	Areal i dekar	Eigar
101/1 – 18 teigar	75,9	Godøysund AS
101/2 – 3 teigar	15,8	Godøysund AS
101/6 – 1 teig	3,3	Øystein Stray
101/7 – 1 teig	2,5	Vibeke Birkeland, Peter Michael Huun
101/8 – 1 teig	2,4	Godøysund AS
101/9 – 1 teig	2,2	Godøysund AS
101/10 – 1 teig	1,8	Godøysund AS
101/13 – 1 teig	3	Godøysund AS
101/14 – 1 teig	2,5	Godøysund AS
101/15 – 1 teig	2,3	Godøysund AS
101/16 – 1 teig	2,2	Godøysund AS
101/17 – 1 teig	2,2	Godøysund AS
101/18 – 1 teig	2,5	Godøysund AS
101/19 – 1 teig	2,2	Godøysund AS
101/20 – 1 teig	2,6	Godøysund AS
101/21 – 1 teig	2,6	Komanditselskapet Harwi
101/28 – 1 teig	1	Geir Gjøstein, Elisabeth Gjøstein
101/29 – 1 teig	0,3	Geir Gjøstein, Elisabeth Gjøstein.
101/30 – 1 teig	26	Godøysund AS
101/31 – 1 teig	2,2	Massco Limited
99/4 – 1 teig	282,3*	Åsta Midtbø
SUM AREAL	155,5	m ²

* Berre ein liten del av denne eigdommen inngår. Arealet ligg på fastlandet og skal leggast til rette for parkering og renovasjonsanlegg

2.3 Krav om konsekvensutgreiing?

Planforslaget har som føremål å omdisponere område avsett til LNF i kommuneplanens arealdel, til område for fritidsbustadar, leikeplass, vegareal og parkering. Det er eit grep som utløyser krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutredninger § 6b, jf. punkt 25 i vedlegg I.

Konsekvensutgreiinga er i kapittel 7 nedanunder.


3 Planprosessen

3.1 Varsel om oppstart med planprogram

Det blei halde oppstartsmøte med kommunen 16. oktober 2018. På grunn av avviket frå kommuneplanens arealdel vart det utarbeida planprogram for planarbeidet etter plan- og bygningslova § 4-1.

Oppstartsvarsle og planprogram blei sendt ut 19.12.2018 og høringsfrist var 13.02.2019.

Ved varsle om oppstart og hørting av planprogram kom det inn 22 merknadar frå grunneigarar, naboar, gjenbuarar og offentlege instansar. Basert på nokre av innspela, vart det gjort mindre presiseringar i planprogrammet før dette vart innsendt og handsama hjå kommunen. Planprogrammet vart vedteke den 02.05.2019.



Figur 2 - Avisannonsa ved varsle om oppstart, kjelde: Tysnesbladet

4 Planstatus og rammevilkår

4.1 Overordna planar

Kommuneplan




Figur 3 - Utsnitt av arealplankartet i gjeldande kommuneplan 2010-2022. Området på fastlandet som og inngår i planområdet er vist med raud pil, kjelde: kommunekart.com

I kommuneplanen sin arealdel (2010-2022) er området avsett til eksisterande næringsverksemid på nordre øya, og LNF på dei resterande øyane. Området som heilskap er omfatta av omsynssone 2008-1 «Gjeldande reguleringsplan skal framleis gjelde». Det går ei omsynssone for straumforsyning gjennom området. Ein liten del av området på fastlandet inngår også i planforslaget. Her står det i dag renovasjonscontainer, og området var i gjeldande plan for Godøysund planlagt som snuplass for bussar. Området ligg langs fylkesvegen og er sett av til LNF-område.

Kommuneplanens føresegner har lite konkrete føringar for arealføremåla planområdet er omfatta av. I fellesføresegnene er det gitt føringar for utforming og bruk av naust. For fritidsbustadar er det sett krav til at kvar hytte skal disponere minst to biloppstillingsplassar. I tillegg er det gitt følgjande retningslinjer som omhandlar fritidsbustadar:

- I område for heilårs- og fritidsbustader bør større terrassar leggjast på bakkenivå. Store terrassar med rekksverk som skapar ei dominerande visuell verknad bør ikkje tillatast.
- Nye bustad- og fritidsbustadtomter bør ha ei maksimal utstrekning på inntil 2 dekar.

4.2 Gjeldande reguleringsplanar



Figur 4 - Reguleringsplanen som gjeld for området i dag, planID 2008-01, kjelde: WebPlan Tysnes


Gjeldande reguleringsplan vart vedtatt den 21.11.2008. Planen omfattar hovudsakleg områder for hotell/bevertning tenkt til leilegheitshotell og utleigehytter. Resten er område for fritidsbustad og kombinert fritidsbustadar og utleige. Eit av dei eksisterande bygga er regulert til bustad. Det er regulert fleire anlegg for småbåtar, samanhengande turstiar mellom øyane og parkeringsareal på Midholmen.

Jamfør planskildringa legg gjeldande plan opp til 160 bueiningar og eit behov for ca 230 parkeringsplassar.

Vi er ikkje kjent med at det er andre planar under arbeid i, eller i direkte nærleiken til planområdet.

4.3 Tilgrensande planar

Planområdet grensar til detaljreguleringsplan 2000-01 Gåseviksområdet, gnr 99. Planen er i hovudsak bygd ut med fritidsbustadar.




Figur 5 - Utsnitt plankart for RP 2000-01 Gåseviksområdet, gnr. 99. Kjelde: GISline webplan.

5 Skildring av planområdet

5.1 Skildring av planområdet

Planområdet er lokalisert nord i Tysnes kommune, ca. 2,5 km nordaust for Våge, som er nærmeste tettstad. Området ligg på sørsida av Bjørnafjorden. Landområda er på omtrent 155 dekar og består hovudsakleg av tre øyar, Maurholmen på ca. 25 daa Midtholmen på ca. 53 daa og Nordholmen på ca 75 daa, pluss nokre holmar. Det er desse tre øyane som utgjer Godøysund. Det er vegsamband frå fastlandet via bru frå Fv80 Godøysundvegen, og bruer mellom øyane. Øyane elles er skogkledde og kuperte, generelt stigande frå sør mot nord.



Figur 6 - oversiktskart i stor og liten skala, kjelde: communekart.com

5.2 Arealbruk før og no

Det er nokså bygningene på øyane, brukt i samband med tidlegare båt-, hotell- og bevertningsaktivitet, og nokså fritidsbustadar og naust som er i bruk i dag. Det er ikke næringsinteresser i planområdet i dag.

Fleire av bygningane frå tidlegare båt-, hotell- og bevertningsaktivitet på øya vart brent ned på 80-talet då det var planar om å erstatte desse med nye bygg. Tre bustadhus for hotellpersonell og hotellbygget med hotellrom vart den gong brent ned. Det gjenståande hotellbygget nede på kaien var den gong nytta til restaurant.



Figur 7 - Historisk foto av Nordholmen, kjelde: ukjent/Rita Steckmest Sivertsen

På 2000- talet starta det opp arbeid med å realisere den gjeldande reguleringsplanen. Tomta for nytt hotellbygg vart klargjort, men plutselig stoppa arbeida opp, og har blitt liggjande urørt sidan.



Figur 8 - flyfoto frå 2005 som viser påbegynt byggearbeid for nytt hotell, kjelde: norgebilder.no

Planområdet har vore ein viktig destinasjon for tilreisande i alle år. Sjølv etter at hotelldrifta vart avslutta i 2000, har båtturistar komme til Godøysund, og hatt moglegheit for å liggje til kai her. Det er også fleire hytteeigarar på øyane rundt Godøysund som har bruksrett på vegen og til å parkere på Godøysund, då dei har båtar på øya som tek dei ut til hyttene på øyane utan vegsamband.




Figur 9 - Foto som viser garasjeanlegg og bryggjer på Midholmen som er i bruk av hytteeigarane omkring, kjelde: Omega Areal AS

I samband med hotelldrifta vart det opparbeida stinett på øyane. Særleg Maurholmen har vore eit viktig friluftsområde med sine badeviker og utkikkspunktet «Verdens ende». Mindre aktivitet, og lite nybygging dei seinare åra har gjort at det har vekse fram mykje tett skog, som vanskeleggjer tilgjenge i ein del av områda.



Figur 10 - Sti og bru mellom Midholmen og Maurholmen, med fin badeplass (t.v), sti på Maurholmen (t.h). kjelde: Omega Areal AS



6 Skildring av planforslaget

6.1 Planlagt arealbruk

Planforslaget legg til rette for vidareføring av eksisterande bygningar og anlegg innanfor området, i tillegg til at det er føreslått ei utvikling av området med 28 nye tomter for fritidsbustadar. Nordaust på Nordholmen, der tidlegare restaurantbygg ligg, er det føreslått ein kombinasjon av næringsføremål og fritidsleilegheiter. Planen opnar for at leilegheitene enten kan seljast, eller leigast ut. Det er aktuelt med for eksempel selskapslokale/konferanse- og møtelokale, treningscenter eller liknande, i tillegg til toalett, dusj og vaskemoglegheiter for tilreisande båtturistar. Det gamle sjøhuset skal kunne nyttast som serveringsstad.

Planen skal sikre tilgjenge for ålmenta, og eit variert tilbod av aktivitetar, som badeplassar, turvegar, leikeplassar, tennisbane, park og småbåtanlegg. Det er lagt til rette for småbåtanlegg for dei som kjøper tomter på øyane, samt gjestebrygge for tilreisande båtturistar.

Eksisterande vegar i området er vidareført, i tillegg til at det er regulert inn nye i samband med dei nye tomtene. Det er avgrensa kapasitet på bruva frå fastlandet, og difor skal offentleg parkering dekkjast på eit område på fastlandssida som Godøysund AS har til rådighet. Her er også sett av areal for samlelass for renovasjon, då renovasjonsbil ikkje har tilgang over bruva.



6.2 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål

Tabell over føremål avsett i plan:


Bygningar og anlegg (Pbl § 12-5 nr. 1)		Sum (daa)
Garasje, G	Eksisterande felles garasjeanlegg på Midholmen	0,18
Fritidsbusetnad, H	Byggeområde (H1 – H13) for fritidsbustadar. Kvart byggeområde er inndelt i tomter (1-28).	27,4
Anna offentleg eller privat tenesteyting, T	Utleie av bodplass el.l., etablering av bensinpumpe for småbåtar kan også vere eigna bruk. Det står eit bygg på dette området i dag, området ligg heilt nordaust på Nordholmen.	0,03
Bevertning, BV	Eksisterande sjøhus med tilhøyrande uteområde på bryggja.	0,2
Idrett, I	Tidlegare område for tennisbane skal tilbakeførast til tennisbane eller anna idrett.	0,47
Renovasjonsanlegg, R	Område for felles renovasjonsanlegg (på fastlandet, i Gåsevika) for fritidseigedommane i området.	0,033
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag, BS	Felles flytebryggjer (f_BS1-6) som vist på plankartet. Ut frå flytebryggjene er det tillate å etablere utriggarar.	0,5
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, SB	Felles brygge- og kaianlegg (f_BS1-6) langs land.	1,75
Naust/badehus, N	Naust og badehus. To av dei er eksisterande, og er privateigde (N1 og N3). Badehuset f_N2 skal kunne nyttast av dei som bruker badelassen, og delar av	0,5

	bygget vil difor vere ålmement tilgjengeleg. Det er sett av areal til felles naust (f_N4) og naustbuer (f_N5) nordvest på Nordholmen.	
Leikeplass, L	Felles leikeplassar (f_L1 og 2) i området.	0,8
Kombinerte bygningar og anleggsføremål, FT	Område for etablering av kombinert føremål. Tenesteyting i 1-2 etasje og fritidsleilegheiter (utleige eller privat fritidsbusetnad) i etasjane over.	1,7
Samferdsle og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5 nr. 2)		Sum (daa)
Veg, V	Felles vegar innanfor planområdet, f_V1-8	6,2
Køyreveg, KV	Avkørsle fra fylkesvegen og inn på parkeringsplass P5	
Gatetun, GT	Felles gatetun ved det kombinerte bygget (felt FT).	0,4
Gangveg, GV	Felles gangveg (f_GV) langs med fjellsida ut til felles småbåtanlegg f_BS1.	0,067
Anna veggrunn – tekniske anlegg, AVT	Anna veggrunn (f_AVT1-2) på yttersida av veg f_V1 der denne går over bru (#1 og #3)	0,95
Anna veggrunn – grøntareal, AVG	Fylling- og skjeringsutslag (f_AVG1-14) langs med nye vegar i området.	3,8
Parkering, P	Felles parkeringsplassar, f_P1-4. Parkeringsplass (P5) på fastlandet er privat, men offentleg tilgjengeleg for besøkjande til øya.	2,2
Grøntstruktur (Pbl § 12-5 nr. 3)		Sum (daa)
Turveg, TV	Felles turvegar (f_TV1-6) innanfor området.	0,2
Badeplass/-område, B	Felles badeplass/-område på land (f_B1-2). Felt f_B2 kan nyttast til å etablere ei badebryggje på holmen f_F4.	0,4
Park, PA	Felles park (f_PA) for planområdet.	1,5
Landbruks-, natur- og friluftsformål (PBL § 12-5 nr. 4)		Sum (daa)
Friluftsformål, F	Områda f_F1-21 er sett av til friområde og skal vera tilgjengelege for ålmenta.	108,6
Brak og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5 nr. 5)		Sum (daa)
Brak og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, BVS	Område i sjø der det ligg automatisk freda kulturminne	0,78
Ferdsle, FE	Ferdsleområde for småbåtar	1,0
Småbåthamn, BH	Område for forankring av småbåtar. Det kan etablerast utriggarar frå flytebryggjene innanfor områda.	9,8
Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, FS	Områda skal vera tilgjengelege for ålmenta og nyttast til ferdsle i sjø.	59,5
Badeområde, BO	Badeområde (BO) i sjø. For å hindre konflikt mellom småbåtar og folk som badar, er det tillate å setje opp badebøyer innanfor området.	1,98
Total sum		229,8

Omsynssoner (PBL § 12-6)	
Bandlegging etter lov om kulturminne, H730	Omsynssone, H730_1-5 for bevaring av automatisk freda kulturminne (ballastrøyer i sjøen).
Frisikt. H140	Frisiktsoner i vegkryss.
Føresegnsområde (PBL § 12-7)	
Føresegnsområde, #	Areal omfatta av eksisterande bruer med veg og turvegar over sjø. Føresegnsområde #1 og #3 er bruer der felles veg, f_V1 kryssar sjø. Føresegnsområda #2, #4-5 er eksisterande bruer i samband med stinettet i området. Sjå utsnitta under.



Figur 11 - Føresegnsområde #1 der vegen går i bru fra Gåsevika til Midholmen (t.v). Føresegnsområde som viser turveg via bru mellom Midholmen og Maurholmen (t.h)



Figur 12 - Føresegnsområde #3-5 der veg og turvegar går i bru mellom Midholmen og Nordholmen


6.3 Plassering av busetnad og utforming

Det er tre eksisterande hytter (H1, H6 og ei tomt i felt H7) innanfor planområdet i dag. Elles legg planen til rette for 11 nye fritidsbustadar på Midholmen (H1-5), og 17 nye på Nordholmen (H6-13). Samla gir dette 28 nye tomter for fritidsbustadar, og i tillegg legg planen til rette for etablering av om lag 10 fritidsbustadleilegheiter for sal eller utleige i felt FT.


Nye tomter og tilkomstvegar er lagt langs med høgdekotene for å oppnå best mogleg landskapstilpassing i det stadvis bratte terrenget. Nye fritidsbustadar skal ha avgrensa storlek, maksimalt 15 % BYA (men likevel ikkje meir enn 120 m² BYA) i ein etasje med gesims- og mønehøgd inntil høvesvis 4 m og 5,5 m. I skrått terrem er det opna for at det kan byggast hytter med halve plan der dette gir betre terrengetilpassing. Større terrassar skal leggjast på bakkenivå. Store terrassar med rekksverk som skapar ei dominerande visuell verknad skal ikkje tillatast.

Storleiken på dei nye fritidsbustadtomtene og maksimal utnytting på kvar tomt går fram av tabellen under.

Felt	Tomtenummer	Areal tomt(m ²)	Maks BYA hytte
H1	Eksist. hytte	-	
H2	10	860	120
H2	11	795	119
H3	8	760	114
H4	9	880	120
H5	1	1042	120
H5	2	787	118
H5	3	803	120
H5	4	729	109
H5	5	770	115
H5	6	970	120
H5	7	857	120
H6	Eksist. hytte	-	
H7	Eksist. hytte	-	
H7	27	1348	120
H8	19	682	102
H9	20	700	105
H9	21	920	120
H9	22	940	120
H10	23	1015	120
H10	24	1021	120
H10	25	1220	120
H10	26	1182	120
H11	15	847	120
H11	16	810	120
H11	17	728	109
H11	18	970	120
H12	12	693	104
H12	13	631	95
H12	14	662	99
H13	28	850	120



Figur 13 - Utsnitt av byggjeområda på Midholmen (oppe) og på Nordholmen (nede), kjelde: Omega Areal AS



I byggeområde for fritidsleilegheiter og tenesteyting (FT), er det lagt til rette for tenesteyting i 1. (og evt. 2.) etasje, då dette vil bli liggjande orientert mot nordaust. Feltet er avgrensa mot eksisterande veg (f_V1) på vestsida, og denne ligg på ca kote +7 i dette området. Frå denne høgda og oppover til kote +17 (inntil kote +20 ved mønt tak) er det planlagd leilegheiter. Dette opnar for at det kan etablerast leilegheiter i 3 etasjar. Maksimal utnytting i dette feltet er sett til 3000 m² BRA.

Byggjegrenser

Heile planområdet ligg innanfor 100-meterssona langs sjø. Der byggegrense ikkje kjem fram av plankartet, er den samanfallande med føremålsgrensa. Utriggarar frå flytebryggjer er ikkje teikna inn på plankartet, men desse kan ligga utanfor byggjegrensa så lenge dei ligg innanfor føremålet for småbåthamn (felt BH).

Byggjegrenser langs veg ligg med avstand 4 m frå vegkant.

6.4 Bustadmiljø/bukvalitet

Planforslaget skal gi god bukvalitet og bustadmiljø for eigrarar av fritidsbustadar i området, blant anna med eit variert tilbod til fritidsaktivitetar og servicefunksjonar. Nye fritidsbustadar vil ha svært gode sol- og utsiktstilhøve, i tillegg til at dei vil liggje med god avstand mellom kvarandre då tomtene er forholdsvis store (600 – 1200 m²), og hyttene skal ha avgrensa storleik. Det vil vere gode moglegheiter for å skapa lune og skjerma uteophaldsareal rundt om kring på tomtene.

6.5 Parkering

Frittliggjande fritidsbustader skal ha parkeringsdekning for 1,5 bilar per eining, der 1 parkeringsplass skal liggje innanfor tomta, medan 0,5 parkeringsplass skal dekkjast innanfor felles parkeringsplass (f_P2 eller f_P4). Det er sett av nokre parkeringsplassar på fastlandet (f_P5), som skal kunne nyttast for ålmenta, som kjem for å nytte seg av friområda på Godøysund.

Det er sett av felles parkeringsplass f_P3 for fritidsleileheitene. Parkeringsdekninga for desse er sett til 1 parkeringsplass per leilegheit.

Nokre eigrarar av hytter på øyar utan fastlandstilknyting, har i dag rettigheter til tilkomst, parkering og båtplass på Midholmen. Parkeringsplassar f_P1 og garasje G dekkjer dette behovet. I tillegg er det komme ynskje frå nokre fleire hytteeigarar ute i Godøysundet, om å få tilgang til parkeringsplass og båtplass på Godøysund. Desse parkerer i dag blant anna langs vegkanten av fylkesvegen på fastlandssida. Innanfor parkeringsplass f_P2 finst det tilgjengeleg parkering for desse.

6.6 Trafikkloysing og tilknyting til infrastruktur

Eksisterande tilkomstvegar er vidareført (f_V1 og f_V5) i planforslaget, og regulert med 4 m breidde. Horizontalradius og vertikalradius er tilpassa dagens linjeføring. Nye vegar er f_V3, f_V4, f_V6-8, og gir tilkomst til nye byggjearbeide, og er regulert med ei breidde på 3,5 meter, forutan f_V7 som har breidde 3,0 m. Deira totale inngripen for opparbeiding av grøft og skjerings- og fyllingsutslag viser i plan med grøn farge (anna veggrunn – grøntareal). På denne måten synleggjer planen korleis vegane vil gjere inngrep i det

omkringliggende terrenget. Desse areala skal tilbakeførast lik terrenget rundt, og vil difor verte mindre synleg over tid etter kvart som det gror til. Skjeringar i fjell vil vise med fjell i dagen, noko som elles er karakteristisk for området, og treng soleis ikkje vere eit stort visuelt inngrep. Areal for anna veggrunn – grøntareal er modellert med utgangspunkt i grunnlagskartet, og kan ikkje sjåast på absolutt. Dei gir likevel ein god peikepinn på det forventa inngrepet vegane vil ha. Alle vegar skal ha enkel standard med grusa dekke, slik vegane i området har i dag. Alle vegane skal vere felles for grunneigarane i planområdet, samt andre med køyrerettigheit i området.

Veg	Felles for	Kommentar	Maks. stigning	Vegbreidd (m)
V1	H1-H13, FT, BV	Eks. trasé.	1:8 (12.5%)	4.0
V2	Bruk av garasje (f_G) og parkering (f_p1)	Eks. avkjørsle	-	6.0
V3	Tomt 1 – 11	Ny veg	1: 10 (10,0%)	3.5
V4	Tomt 1 – 7	Ny veg	1: 20 (4.5%)	3.5
V5	Tomt 12 – 28	Eks. trasé	1: 6,5 (15%)	4.0
V6	Tomt 12 – 18, 28	Ny veg	1: 10 (10%)	3.5
V7	Bruk av småbåtanlegg (f_SB6) og naust (f_N4-5)	Ny veg	1: 8 (12,2%)	3.0
V8	Tomt 19 – 27	Ny veg	1: 10 (10%)	3.5
Sti	Felles for	Kommentar	Maks. stigning	Vegbreidd (m)
GV	Bruk av småbåthamna (f_BS1)	Ny sti	-	2.0
KV	Avkjørsle til parkeringsplass (P5) i Gåsevika	Ny avkjørsle	-2,5%	7.5



I samband med etableringa av parkeringsplass og samlepunkt for renovasjon, er det regulert inn avkjørsle frå fylkesvegen. Avkjørsla er tilpassa eksisterande veg, og det er regulert inn 3 meter anna veggrunn mellom parkeringsplassen og fylkesvegen. Snuhammar (S) for renovasjonsbil er lagt inne på parkeringsplassen i tillegg til 12 offentleg tilgjengelege parkeringsplassar. Grunneigar av LNF-området som grensar til denne har komme med tilbakemelding om at det må vere mogleg å komme ut i LNF-arealet via parkeringsplassen. Dette er tatt høgde for i planen (vist med pil).

Figur 14 - Illustrasjon som viser forslag til regulering av arealet på fastlandet, Gåsevika, kjelde: Omega Areal AS

Trafikkløysing i anleggsperioden

I anleggsperioden vil det vere behov for ein del større anleggsmaskinar og utstyr som ikkje kjem seg over via brua. Eksisterande kai nordvest for det gamle hotellbygget og sjøbua vil difor vere aktuell for islandsetting av desse. Det er god djupne i sjø her, og betongkaien er solid. Det vil i samband med dette kanskje verte behov for noko utbetring av eksisterande veganlegg til dei ulike områda.



Figur 15 – Kaiområde som er eigna for islandsetting av anleggsmaskinar i byggeperioden.

6.7 Planlagde offentlege anlegg og realisering av plan

Det er ikkje planlagd offentlege anlegg innanfor planområdet. Godøysund AS skal framleis eige alle fellesområde, medan fritidsbustadtomtene skal seljast. Inntekter frå sal av fritidseigedommar, fellesutgifter og utleigeinntekter skal vere med å dekke etablering og vedlikehald av fellesområda.

6.8 Universell utforming

Det kuperte terrenget gjer at universell tilkomst på vegane er vanskeleg å få til. Vegane er stadvis svært bratte, med parti der stigninga er opp mot 1 : 6,5 (15%) på den eksisterande vegen f_V5. Størstedelen av hyttene vil ha mogelegheit for å opparbeide trinnfri tilkomst mellom parkering på tomt og hytte. Tilkomst til leikeplassar, badeområde og småbåtanlegg vil også kunne etablerast med universell tilgjenge frå veganlegga.

6.9 Uteoppahaldsareal

Det vil vera god tilgang for etablering av privat uteoppahaldsareal innanfor kvar fritidsbustadtomt. Privat uteareal for leilegheitene er sikra gjennom føreseggnene, og skal vere minimum 7 m² per eining. Elles er det på plankart og i føresegner sikra tilgjenge til eit variert tilbod for felles uteoppahaldsareal innanfor

planområdet. Dette vil vere både tilrettelagte område, som leikeplassar, ballbane og badeplassar, samt naturlege friområde med enkel opparbeiding.

6.10 Kulturminne

Registrerte automatisk freda kulturminne er regulert inn med omsynssone bandlegging av kulturminne (H730). I dette område finst det eksisterande naust og kaianlegg, og planen legg til rette for at båtplassar for fritidsleileighetene her, i form av ei flytebryggje med utriggarar. Føreseggnene skal sikre at det ikkje vert gjort inngrep i sjøbotn i dette området.

6.11 Plan for vass- og avlaup samt tilknyting til offentleg nett

Det går eksisterande vassleidning fram til planområdet, som har god kapasitet. Tysnes vassverk leverer vatn, som er eit privat vassverk. Det er tidlegare godkjent løyve for avlaupsanlegg med utslepp i sjø i nordvest, for 225 personekvivalentar (pe), som tilseier ein kapasitet for ca 70 hytter.

6.12 Plan for avfallshenting

Lastebilar kjem ikkje over brua, og det er difor regulert inn område for renovasjon i samband med felles parkeringsplass på fastlandssida. Området er tilknytt interkommunal renovasjon. SIM tømmer avfallscontainer som står på dette området i dag.

7 Konsekvensutgreiing

7.1 Konsekvensutgreiing etter konsekvensutgreiingsforskrifta

Det er vurdert om det er behov for konsekvensutgreiing i samband med planarbeidet, jamfør Plan- og bygningslova og Forskrift om konsekvensutgreiinger. I pbl. §4-2, andre ledd, er det sett følgjande utredningskrav:

«For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse - konsekvensutredning - av planens virkninger for miljø og samfunn.»

I forskrift om konsekvensutgreiing §6 går det fram kva planar/tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram. Detaljreguleringa for Godøysund er omfatta av punkt b):

«b) reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen»

Området er i kommuneplanen sett av til LNF-område på Midholmen og nåverande næringsføremål på Nordholmen. I tillegg inngår planområdet i omsynssone der gjeldande reguleringsplan skal gjelde. Føremålet med detaljreguleringa er blant anna å legge til rette for utbyggingsføremål for nye fritidsbustadar. I KU-forskriftas vedlegg I punkt 25, går det fram at nye bustad- og fritidsbustadområde som ikke er i samsvar med overordna plan skal konsekvensutgreiast.

Vidare er det i rettleiaren til forskrifta gitt ei nærmere skildring av dei enkelte tiltaka som krev konsekvensutgreiing. I punkt 8.1.3 kjem det fram at punkt 25 i vedlegg I er uklar, då den ikkje seier noko om kva eller kor stort eit «område» er. Departementet legg til grunn at føresegna i vedlegg I nr.25 trer i kraft når området er 15 dekar eller meir når regulering ikke er i samsvar med overordna plan. Dette er same størrelseskriteriet som i 2014-forskrifta (§2 bokstav b).

Vidare i rettleiaren er det presisert at punkt 25 også gjeld ved omregulering av arealføremål frå utbyggingsføremål i overordna plan, viss det vert lagt til rette for ei meir omfattande utbygging. Endringa må i slike tilfelle vere vesentleg i strid med overordna plan for at føresegna gjeld. Med omregulering er det meint ei endring der området i kommuneplanens arealdel er avsett til utbyggingsføremål etter pbl. 11-7 nr.1, men som ikkje har blitt gitt underformål for bustad- eller fritidsbustad.

På bakgrunn av dette har vi vurdert at planforslaget kjem inn under punkt 25 i vedlegg I i Forskrift om konsekvensutgreiing då planen legg opp til utbygging av fritidsbustadføremål, der områda er sett av til LNF-føremål (Midholmen) og næringsføremål (Nordholmen) i kommuneplanen.

Konsekvensutgreiinga skal beskrive planforslagets verknadar, og utgreie behov og omfang av aktuelle avbøtande tiltak som kan medføre at utbygginga vert tilpassa omgjevnadane og at eventuelle skadeverknadar vert redusert.

7.2 Planprogrammet

Planarbeidet er basert på gjeldande planprogram. I tråd med fastsett planprogram består konsekvensutgreiinga av tematiske skildringar, utgreiingar og vurderingar av konsekvensar som skal leggast til grunn for planarbeidet. Den skal vere eit reiskap i kommunikasjons- og

samhandlingsprosessar, og bidra til å gi eit best mogleg avgjerdsgrunnlag for utarbeiding av den juridiske detaljreguleringa, samt gi premissar for utbygging i området.

Planprogrammet vart vedteke den 02.05.2019. Planprogrammet fastslår ei rekke tema som skal inngå i konsekvensutgreiinga:

Tema
1. Landskap
2. Naturmangfald
3. Friluftsliv, folkehelse, barn og unge, universell utforming
4. Strandsone
5. Kulturminne - og kulturmiljø
6. Infrastruktur og trafikk
7. Ureining og miljø

7.3 Metode, kjelder og usikkerheit

Konsekvensutgreiinga er utarbeidd med utgangspunkt i forskrift om konsekvensutgreiinger med rettleiar. Metodikken for konsekvensutgreiinga er basert på framgangsmåten for «ikkje-prissatte konsekvenser» i Statens vegvesens handbok V712 kapittel 6.2, versjon 2021¹, i tillegg til Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. I følgje rettleiarane skal verknadane utgreiast innanfor gitte fagtema. Desse tema er for det meste i samsvar med tema som er omtalt i planprogrammet, men det er valt å fylge dei tema som vart sett i planprogrammet vidare og tilpasse utgreiingsmetodikken til dette. Metode for fastsetting av verdi og påverknad er gjort med utgangspunkt i rettleiar M-1941. Rettleiaaren er nettbasert og relativt ny (des 2020), og vert utarbeidd for å tydeleggjere forventningane Miljødirektoratet har for kva ein konsekvensutgreiing skal innehalde. Fastsetting av verdi, påverknad og konsekvens i skala er gjort med utgangspunkt i den veletablerte metodikken til vegvesenet, handbok V712 (revidert i august 2021 med tilpassingar til miljødirektoratet sin rettleiar). Tre omgrep står sentralt gjennom utgreiinga:

1. Med **verdi** meiner ein vurdering av kor verdifullt eit område eller miljø er. Verdi kan uttrykkast gjennom tilstand, eigenskapar og utviklingstrekk for vedkommande og interesse/tema i det området tiltaket er planlagt. Verdien blir fastsett langs ein skala som spenner frå ubetydeleg til svært stor verdi.

VERDI

Ubetydeleg	Noko	Middels	Stor	Svært stor
------------	------	---------	------	------------


Figur 16 - Verdivurderingsskala etter handbok V712 (Statens vegvesen 2018)

2. Med **påverknad** meiner ein vurdering av kva endringar tiltaket vert vurdert å medføre for dei ulike miljøa eller områda, og graden av disse endringane. Påverknad skal vurderast i forhold til referansesituasjonen (0-alternativet). Grad av påverknad blir fastsett på skala som går frå sterkt forringa (øydelagt) til forbetra (stor forbeting)

PÅVERKNAD

Forbetra	Ubetydeleg (Ingen endring)	Noko forringa	Forringa	Sterkt forringa (øydelagt)
----------	-------------------------------	---------------	----------	-------------------------------

3. Ein kjem fram til **konsekvens** ved å samanstille verdi og påverknad, ved bruk av konsekvensvifta. Skalaen for konsekvens går frå 4 minus til 4 pluss. Dei negative konsekvensgradene er knytt til ei verdiforringing av eit delområde, medan dei positive konsekvensgradene føreset ei verdiauke etter at tiltaket er realisert.



Figur 17 - Konsekvensvifta. Grad av verdi utgjer x-aksen i konsekvensvifta medan grad av påverknad utgjer y-aksen, kjelde: handbok N712 – Statens vegvesen (2018)

For kvart tema skal det vurderast moglege avbøtande tiltak eller retningslinjer/ føringer for å redusere dei negative konsekvensane. Med grunnlag i dei utgreiingane som er gjennomført, skal det utarbeidast eit planforslag.

Skjema som vert nytta; kvart tema vert skildra i høve til verdi, påverknad og konsekvensar, kjelde: Omega Areal AS

VERDI		PÅVERKNAD	
		0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Kriteria, normerte verdiar/krav		Skildring/analyse av konsekvensar	
Verdi:	Ubetydeleg, noko, middels, stor, svært stor	Påverknad Forbetra, ubetydeleg, noko forringa, forringa, øydelagt	Påverknad Forbetra, ubetydeleg, noko forringa, forringa, øydelagt
Konsekvens		4+, 3+, 2+, +, 0, -, 2-, 3-, 4-	4+, 3+, 2+, +, 0, -, 2-, 3-, 4-
Avbøtande tiltak			

Kunnskapsgrunnlaget

Jamfør §17 i Forskrift for KU, skal konsekvensutgreiingas innhald og omfang tilpassast den aktuelle planen eller tiltaket, og vere relevant for dei avgjerder som skal takast. For planar der det er utarbeida planprogram (§6), skal konsekvensutgreiinga utarbeidast i tråd med dette. Det skal takast utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon, og ved mangel skal det hentast inn informasjon om viktige forhold. Det er ikkje eit mål å hente inn mest mogeleg kunnskap, men at alle omsyn som er relevant for avgjersle er vurdert. I samband med oppstart og høyring av planprogrammet, vart aktuelle tema for konsekvensutgreiinga lagt fram for kommune, fylkeskommune og Statsforvaltaren. I vurderinga om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, er kontrollspørsmål frå miljødirektoratet gjennomgått².

Usikkerheit knytt til tiltaket

Usikkerheita i vurderingane kan knytast til detaljnivået til tiltaket. Tiltaket med utbygging og etablering av fritidsbustadar på Godøysund er isolert og delvis i tråd med overordna plan og gjeldande regulering. Jo mindre detaljert eit tiltak er definert og jo meir komplekst det er, dess større usikkerheit er knytt til vurderingane. Kompleksiteten til tiltaket er klart avgrensa, og det er høg grad av detaljar i grunnlaget for tiltaket, då plankart og føresegner sett klare føringar for utbygginga. Samanlagt er usikkerheita knytt til tiltaket **iten**.

Usikkerheit knytt til datagrunnlaget

Ved gjennomgang av datagrunnlaget tilgjengeleg i nettbaserte databasar, er det varierande kva og kor mykje som er kartlagt. Ikkje alle område er registrerte eller heildekande kartlagt, og områder kan vere kartlagde utan å bli lagt inn i ein database. Data kan også ha blitt vurdert og vekta etter ulike type skalaer. I denne samanhengen er det viktig å kunne vurdere gyldigheita av materialet ein finn i basar og rapportar. Området er klart definert og det er gjort utbyggingar i ein del av området frå før. Det føreligg reguleringsplan for området frå før, og tiltakshavar/grunneigar har god kjennskap til området og dei verdiane som finst her. Samanlagt er usikkerheita knytt til datagrunnlaget vurdert til å vere **iten**.


7.5 Alternativ

I tråd med vedtatt planprogram skal nytt planforslag målast opp mot eit 0-alternativ.

0-alternativet: Etter § 6 i KU-forskrifta skal planprogrammet gjera greie for relevante og realistiske alternativ. Vi meiner at det mest realistiske alternativet til utbyggingsplanane er ei vidareføring av dagens situasjon. 0-alternativet er difor referansealternativet, som går ut på å oppretthalde dagens fysiske og planmessige situasjon.

Godøysund er lite utbygd i dag. Det avgrensar seg til ei hytte vest for tilkomstvegen og garasje, parkeringsplass og småbåtanlegg samt badehuset med bryggje på søraustsida på Midholmen, og tidlegare restaurantbygg, sjøhus, nokre naust og to hytter på Nordholmen.

I gjeldande reguleringsplan (figur 36) er det lagt opp til høg utnytting av Nordholmen med nytt hotellbygg på eit av høgdedraga og elles hytter i 2 etasjar hovudsakleg to og to i rekke. Planen legg opp til ein stor parkeringsplass med moglegheit for etablering av garasjar på Midholmen og elles utviding av småbåtanlegga på austsida med faste bryggjer og flytebryggjer langs store delar av strandlinja. Eksisterande veg og bru over til Nordholmen er føreslått lagt om, og det er lagt inn byggjeområde for spaanlegg og hytter (frittståande eller i rekke) i 2 etasjar mellom øyane. Vidare er badehuset på Midholmen regulert til feriehus i bygning med 2 etasjar. Det er og lagt parkeringsplass med høve til å etablere garasjar i tilknyting til dette. Området med eksisterande fellesgarasje, parkering og småbåtanlegg sør aust på Midholmen er føreslått utvida i høve dagens situasjon. Friluftsinteressene er ivaretake gjennom avsette område til friluftsområde på Maurholmen og vestleg del av Midholmen.



Figur 18 - Gjeldande reguleringsplan - 0-alternativet, kjelde: Omega Areal AS

Alternativ 1 - Planforslaget: Dette er utbyggingsalternativet slik det er framstilt i planforslaget. Målsettinga er utlegging av areal for føremålet «fritidsbustadar» på Midholmen og Nordholmen, med tilhøyrande anlegg. Aust på Nordholmen er det lagt til rette for kombinert føremål fritidsleilegheiter og tenesteyting. På fastlandet inngår eit asfaltert areal i planområdet, med sikte på å leggje til rette for renovasjonsanlegg og offentleg parkeringsplass.


Området på fastlandet

Eksisterande asfaltert areal på fastlandet, inngår ikkje i gjeldande reguleringsplan, men er avsett til LNF-føremål i gjeldande kommuneplan, og vart lovleg opparbeida av dåverande Hordaland vegkontor i tidsrommet 1995-1997 i samband med utviding av fylkesveg 5080 Godøysundvegen. Arealet er asfaltert og vert i dag nytta til blant anna samleplass for avfall. Det er berre snakk om mindre justeringar i dette området, og soleis er det vurdert at dette arealet vert halde utanom konsekvensutgreininga.

7.5 Tematisk utgreiing

1. Landskap

Området inngår i landskapsregion 21 – Ytre fjordbygder på Vestlandet. Denne regionen er karakterisert ved å ha eit ope preg med blant anna vide fjordstrekk og ofte ein lågare horisont mot vest. Regionen har til dels lite lausmassar, ofte i mosaikk med bart fjell. Regionen har kjenneteikn med mange nakne skjær og skrinne holmar ute i fjordløp og sund. Fjordlinja er variert med veksling av klippe-, bratt- og svabergkyst. Dei store fjordmunningane i dette området har vide strekk og vind og bølgjer kan få godt tak. Små landskapsformer som dannar våger, viker, og små og store sund mellom øyar holmar og skjær, gir variasjon i det sjøvendte landskapet. Denne skildringa av landskapsformene kan ein kjenne att i planområdet.



Figur 19 - Typiske karaktertrekk ved planområdet, kjelde Omega Areal AS

Godøysundøyane er langstreckte i aust-vest retning. Øyane skrånar tydeleg frå nord mot sør, og går bratt ned i fjorden i nord. Frå øyane sine høgpunkt får ein utsikt over Bjørnafjorden - spesielt frå Maurholmen, som heilt i vest kallast Verdens Ende. Høgaste punkt på Maurholmen ligg på kote 17, medan øya aust for denne (Midholmen) er den høgaste av dei tre, der terrenget stig opp til kote 24 moh på det meste. Høgaste punkt på Nordholmen ligg på 21 moh. Generelt er det på austsida, hovudsakleg på Nordholmen, ein finn det meste av busetnaden og infrastrukturen, medan vestre del av øyane er naturområde i dag.



Figur 20 - Utsikt mot nordaust frå høgaste punkt ved Prinsehytta på Nordholmen, kjelde: Omega Areal AS

Sjølv om øyane ligg utsett til mot nord og vest frå Bjørnafjorden, er topografien med å skjerme mot ver og vind med at det er hellande frå nord mot fastlandet i sør/søraust. Det er gode solforhold på det meste av arealet.



Figur 21 - Oversiktskart over planområdet som viser terrengetrasjoner, kjelde: kommunekart.com


Øyane har fleire viker som gir fleire gode badeplassar. Midholmen og Nordholmen dannar eit sund mellom seg, som gir eit nesten stilleståande basseng av sjøvatn.




Figur 22 - Badestrond på Maurholmen (t.v). Sundet mellom Midholmen og Nordholmen (t.h), kjelde: Omega Areal AS

Jamfør regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger inngår Godøysund i område med regionalt viktig verdi for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne³. Område som har nasjonale eller regionale verdiar innanfor alle dei fire kategoriane landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er definert som **arealsone landskap**. Godøya er arealsona planområdet inngår i. Sona er kartfesta og det er knytt retningslinjer til sona for å ivareta verdiane. Vidare er det i planen sagt at kartfestinga inneber ikkje i seg sjølv eit vern, men at desse områda skal takast vare på gjennom omsyn i lokal planlegging og forvaltning. Planen skal vera eit styringsdokument i kommunane sine avgjerder i konkrete saker av om tiltaka sin karakter og omfang vil redusere verdiane.


Verdivurderinga av landskap i Kystsoneplanen er basert på rapport «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (2011)⁴. Kvart område er rangert etter ein 5-delt verdiskala, der 5 er høgaste verdi. I denne skalaen er landskap som **regionalt vanleg førekommande**, gitt verdien 3 (middels), men det er vidare sagt i rapporten at ved planlegging på meir lokalgeografisk nivå bør **lokalt førekommande landskap** gis middels verdi.




Figur 24 - Temakart som viser verdisetting av landskap, planområdet er merka med raud ring, kjelde arcgis.com



Figur 23 - Plankart for regional kystsoneplan, kjelde: vestlandfylke.no



NIBIO sine markslagsart (AR5) syner at det finst skog med høg og svært høg bonitet. Øyane er små, og tilgang med utstyr for å kunne drive ei effektiv skogdrift er vanskeleg, noko som gjer at den reelle verdien av skogressursen ikkje er særleg høg her.



Figur 25 - Bonitetskart. Lauvskog (middels, høg og sær høg bonitet) er dominerande på Nordholmen medan barskog med høg og sær høg bonitet dominerer på Midholmen og Maurholmen, kjelde: kilden.Nibio.no

Forutan noko utbygging i austleg del av Nordholmen og Midholmen er landskapet tilnærma urørt. Langs sjøen finn ein fredelege viker, og det er turvegforbindelsar via eksisterande bruver mellom øyane.

Verdien av landskapet på Godøysund totalt sett vert sett til **middels verdi**, med grunnlag i rapport «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke».

Influensområde

Influensområde er der verknadane av utbygging på Godøysundøyane er forventa å oppstå. I denne samanheng vil det vere snakk om fjernverknader ved utbygging i høgda sett frå sjøen, sørsida av Godøysund og utbygging kring Vesle Godøyvågen.

0-alternativet – påverknad på landskap

I gjeldande plan er byggjehøgda for det meste sett til 2 etasjar for fritidsbustadar. Planlagde bygningar er teikna inn på plankartet, som viser at dei ligg tett. For det meste heng to og to bygningar saman. Det er opna for eit leileighetshotell på høgdedraget nord på Nordholmen som kan byggast med inntil 5 etasjar, der maksimal høgde på bygget er sett til 18 meter. Denne plasseringa gjer at eit så stort bygg vil skape store fjernverknadar, då dette området ligg eksponert ut mot Bjørnafjorden.

Endringane av landskapet som følgje av gjeldande plan for Midholmen vil vera inngrep i lågareliggende område, langs med eksisterande tilkomstveg over øya og langs strandlinja i aust. Omlegging av veg og bru mellom Nordholmen og Midholmen, samt utviding av byggeareal til parkering og garasjar. Desse områda ligg skjerma, slik at fjernverknaden vert avgrensa.

0-alternativet gir **forrings** påverknad på landskapet i området

Planforslaget – påverknad på landskap

Nordholmen er, og har vore delvis utbygd, og nye vegar er hovudsakleg lagt der det er stiar i dag. Mange av tomtene vil og enkelt kunne opparbeidast utan store terrenginngrep, då delar av området har vore opparbeida tidlegare. Nye hytter vil ha avgrensa storleik og høgde.

Alle eksisterande bygg i området vert videreført slik dei ligg i dag, forutan det tidlegare hotellbygget på kaien aust på øya. Dette skal kunne erstattast av eit større og høgare bygg med kombinert føremål for fritidsleilegheiter og tenesteyting. Det er opna for høgare bygg i feltet, då det skal leggast til rette for leilegheiter som vert orientert mot sør og vest. Mønehøgda på eksisterande bygg ligg på ca kote 15, medan det er opna for ei maksimal mønehøgd på kote +20 og gesimshøgd +17 (ved mønt tak), eller byggjehøgd opp til kote +17 for bygning med flatt tak i planforslaget. Nytt bygg vil i på same måte som det eksisterande bygget verte bygd delvis inn i terrenget, og ved etablering av mønt tak skal dette delast

opp i mindre takflater, med typisk sjøhuspreg. Området ligg i utgangspunktet lågt i terrenget, med høgareliggende terrenget mot vest.



Figur 26 - Eksisterande hotellbygg sett fra sjøsida (t.v) og fra eksisterande veg på vestsida (t.h), kjelde Omega Areal AS

På Midholmen legg planforslaget hovudsakleg opp til vidareføring av eksisterande bygningar og anlegg i området utan utviding. Det er lagt opp til flytting av eksisterande flytebryggje (f_BS) og etablering av sti (f_GV) til denne langs med fjellsida i sør. Det er ikkje behov for store terrenginngrep med denne flyttinga.

Hytteutbygging på Midholmen (delområde)

Ny tilkomstveg og nye byggeområder for fritidsbustadar på vestsida vil derimot krevje terrenginngrep. Det er gjennom planforslaget arbeida med å finne god plassering av tomter og veg. Samstundes er det sett avgrensing i føresegnene når det gjeld storleik og høgde på hytter, materialbruk, fargar, i tillegg til krav om bevaring av landskap og vegetasjon så langt som råd. Dette er viktige faktorar som spelar inn på om planforslaget får gode eller dårlige konsekvensar for landskapet. Med ei god landskapstilpassing, kan nettopp det at ein får til ei utvikling på øya vere med på å tilføre noko til landskapet, som i dag er belagt med tett skog på det meste av øya.



Byggeområda og veg er trekt vekk frå sjøen for å dempe nær- og fjernverknadar, og utbygginga vil vere i område der landskapet har mindre verdi. Fjernverknadane frå fastlandet/Gåsevika vert avgrensa då friområdet med eksisterande vegetasjon markert på figur 26 blir liggande urørt. Her ligg ein eksisterande fritidsbustad i dag, som er regulert inn.

Figur 27 - Utsnitt av plankartet som viser ivaretaking av urørt landskap mellom utbygginga på Midholmen og fastlandet/Gåsevika, kjelde Omega Areal AS

Avgrensa høgder på hyttene og at det berre er lov med ein bygning per tomt (ikkje frittliggende uthus/boder) gjer og at ein får avgrensa arealbeslag og terrenginngrep.

I planforslaget er det vektlagt å ikkje gjere inngrep i dei mest eksponerte og verdifulle områda. Ei utbygging med så låg utnytting det er lagt opp til her, er meir i samsvar med skalaen på utbygginga som har vore/er på Godøysund i dag enn kva gjeldande plan legg opp til. Historiske bygningar og anlegg skal i hovudsak behaldast og opprustast. Føresegnene set krav til ivaretaking av vegetasjon og landskap.


Ei utbygging langs sjø på Midholmen og Nordholmen og hytter på Nordholmen er vurdert å verte **forbetra** i forhold til 0-alternativet, grunna mindre utbygging langs sjø og mindre tett utbygging samanlikna med 0-alternativet. Utbygging av hytter på Midholmen er vurdert å gi **noko forringa** påverknad for landskap då det er snakk om nedbygging av urørt landskap.

Tema: Landskap


VERDI	PÅVERKNAD		
	0-alternativet	Alternativ 1 – planforslaget utan hytteutbygging på Midholmen	Alternativ 1 – hytteutbygging på Midholmen
Verdi:	Påverknad	Påverknad	Påverknad
Middels	Forringa	Forbetra	Noko forringa
Konsekvens	--	+	-
Avbøtande tiltak	Krav til utarbeidning av formingsrettleiar for hytter som blir følgt opp/ gjort juridisk bindande gjennom føresegnene til planen.		

2. Naturmangfold

Kart frå Artsdatabanken.no viser at det er registrert om lag 35 ulike artar innanfor og i nærleiken av planområdet, dei fleste er i kategori livskraftige (LC), som gjer at dei ikkje er ein del av raudlista artar.



Figur 28 - Lokaliseringa av registrerte artar i området, kjelde: artskart.artsdatabanken.no




Figur 29 - Utsnitt som viser lokaliseringa av dei to lavartane, kjelde: artskart.no

Det er registrert to nær truga (NT) lav-artar i planområdet, som inngår som raudlisteartar. Dette er «gul pærelav» (registrert på 3 ulike stadar innanfor planområdet) og «kystblåfiltlav» (registrert søraust på Midholmen, der det også er registrert gul pærelav), seinast registrert i 1998. Begge desse artane ligg i den svakaste klassen "nær truga". Det vil sei at dei ikkje er trua, men ligg tett opp til å bli kvalifisert som trua. At dei er nær trua seier noko om at for eksempel nedbygging av fleire av dei områda den lev i, kan medføre at den vert trua og i verste fall vert utrydda. Gul pærelav av stor forvaltningsinteresse medan kystblåfiltlav er av særleg stor forvaltningsinteresse då den er ein ansvarsart som vil seie at meir enn 25% av den europeisk bestanden finst i Norge.

Gul pærelav veks på glatt bark av lauvtre, særleg hassel og rogn, men også f.eks. på ask, i kyststrøk frå Rogaland til Sør-Trøndelag, med et hovudtyngdepunkt i Hordaland sør for Bergen. Den er relativt sjeldan, og anses sårbar for hogst, treslagskifte og utbygging⁵. Kystblåfiltlav veks på mosegrodd stein eller bergvegger på voksesteder med høg luftfuktigkeit, meir sjeldan på lauvrestammer. Arten veks vanlegvis i edellauvskog, til dels og i kulturlandskap og på klipper nær sjøen. Den er trua av ulike typar hogst og i samband med planting av gran, nedbygging og tråkk eller slitasje⁶.

Av levekraftige artar som er registrert er dette i hovudsak sopp- og lavartar, men det er også registrert fuglar, fiskemåke (NT) og kattugle (LC). Presisjonen på registreringane og at dei fleste registreringane er frå 1990 talet, gjer at datagrunnlaget er noko usikkert.

Jamfør Miljødirektoratets naturbase er det gjort ei rekke registreringar av verdifulle naturtypar i områda rundt planområdet, sjå figur nedanunder. Naturtypane er regnskog med svært viktig og viktig eller lokalt viktig verdi, med grunnlag i at dei har eit svært rikt artsmangfald. Registreringane av naturtypane er frå 2009 og 2012. Det er ikke registrert funn av verdifulle økologiske funksjonsområde innanfor planområdet.



Figur 30 - Registrerte verdifulle naturtypar (grøn skravur) i nærleiken av planområdet (raud stippling), kjelde: naturbasen til Miljødirektoratet

I samband med reguleringsplan for ny E39 har Statens vegvesen fått utarbeida konsekvensutgreiing for naturmangfald⁷. Kartleggingsområda ligg langs den nye traseen av E39, vist på figur 30. I denne går det fram at dei fleste førekomstane av raudlista artar blei registrert innanfor dei kartlagde naturtypelokalitetane. I arbeidet vart det registrert 737 førekomstar av raudlista artar, og 490 av dei var lav-arter.



Gul pærelav er den lavarten med nest flest førekomstar, 111 registreringar. Det er gjort om lag 10 registreringar av kystblåfiltlav gjennom KU-arbeidet for ny E39, i tillegg til at artskarta til Artsdatabanken synes førekomstar av denne typen også i andre delar av Tysnes, Stord og Os. Basert på dette er det vurdert at dei to lavtypane som er registrert innanfor planområdet ikkje er unike registreringar i regionen. Kystblåfiltlav var tidlegare rekna som sårbar (trua) i raudlista frå 2006, men er no nær trua (NT).

Figur 31 - Kartleggingsområda på Tysnes, som inngår i KU for naturmangfald i samband med reguleringsplan for ny E39. Godøysund er vist med svart ring opp til høgre, kjelde: Asplan Viak/Statens vegvesen

Verdien av naturmangfald er sett til **middels verdi** med grunnlag i verditabell for naturmangfald i M1941 der nær trua artar og deira funksjonsområde har middels verdi. Jamfør

0-alternativet – påverknad på naturmangfald

Gjeldande plan legg opp til utbygging i område både på Nordholmen og Midtholmen i aust, som vil kunne få direkte påverknad på dei to lav-artane som er registrert, ved at deira økologiske funksjonsområde vert omforma.

Elles legg gjeldande plan opp til eit stort arealbeslag som skal nyttast til busetnad, med utbygging av om lag 160 eininger, noko som vil generere mykje menneske og trafikk i området. I tillegg er det planlagd omforming og nybygging heilt ned i strandsona i austleg del av Nordholmen og også ute på dei små holmane aust for Nordholmen. Sjønære område er vurdert å ha stor verdi for særleg fugl, både som næringens- og hekkeområde.

Påverknaden 0-alternativet vil ha på naturmangfald er med grunnlag i dette vurdert til å verte **noko forringa**.

Planforslaget – påverknad på naturmangfald

Registrerte raudlisteartar indikerer at Godøysundøyane er eit økologisk funksjonsområde for verdifulle artar. Forvaltningsmål for artar er fastsett i §5 i Naturmangfaldlova; For å ivareta artar og deira genetiske mangfald på lang sikt, må det sikrast at artane vert teke vare på og at dei får leva vidare i sine naturlege utbreiingsområder. Artane økologiske funksjonsområde og dei økologiske vilkåra dei er avhengige av må ivaretakast. På Nordholmen er ein av dei tre registrerte lokasjonane for den nær trua arten gul pærelav i område der det er lagt til rette for ei hyttetomt (H13), park (f_PA) og parkeringsplass (f_P4). På Midtholmen kan tomt 6 og 7 komma i konflikt med ein av dei andre leveområda for gul pærelav. Det er ikkje føreslått

nye tiltak området der kystblåfiltlav og tredje lokasjon av gul pærelav er registrert, utanom gangareal i sjø (bolta i fjellvegg) og flytebrygge med 22 båtplassar i sjø.

Vurdering etter Naturmangfaldlova §§8-12

Tidspunktet for registreringa av artane var i 1998, noko som kan tyde på at det er ei stund sidan det er gjort registreringar av biologisk mangfald. Samstundes vitnar registreringar av artar om at det er føretatt ei vurdering av naturmangfaldet både på Nordholmen, og på Midtholmen den gong. Planområdet ligg isolert utan særleg tilknyting til større naturområde, då det ligg ute på ei øy. Det er også nyare registreringar av naturtypar (regnskog) og arts Mangfald på fastlandet og øyar/holmar rundt planområdet, utan at det er registrert nyare funn i planområdet. Årsaka til dette kan enten vere at planområdet ikkje har vore kartlagt i nyare tid, eller at det har vore kartlagt utan at det er gjort registreringar av naturmangfald av særleg verdi.

Presisjonen på innmålingsinstrumentet som var nytta i samband med registrering av lav-artane, gjer at ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap (jf. §8) om ei utbygging kjem i direkte konflikt med førekomensten, og kva verknadar utbygginga då kan få. Som eit føre-var prinsipp (jf. §9) bør det difor gjerast ei nærmare registrering av arten før nye byggetiltak i dei aktuelle områda.

Arten har **middels verdi**. Påverknaden er vurdert å verte **sterkt forringa** i delområde (det der er registrert raudlisteartar), då ei utbygging i verste fall kan føre til øydelegging av artsførekomensten om det ikkje vert gjort avbøtande tiltak. Jamfør §9 betyr dette risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Konsekvensen vert å dette tilfellet **2-**, som betyr betydeleg miljøskade for området der arten fins (delområde), jf. tabellen «vurdere konsekvensgrad» i rettleiaren frå Miljødirektoratet⁸.

Jamfør §10 skal påverknaden på naturmiljøet vurderast ut frå samla belastninga som naturmiljøet er eller vil bli utsett for. Planforslaget legg opp til avgrensa utbygging, med små hytter (maks 120 m² BYA) og minst mogleg terrenginngrep, samt ivaretaking av eksisterande vegetasjon. Det er berre ein liten del (delområde) der planforslaget er vurdert å kunne komme i konflikt med raudlistearten gul pærelav. Det er ikkje observasjonar av andre artar, og området inngår ikkje i eit naturmiljø. Arten har middels verdi, og er ikkje einaste observerte funn i området, i tillegg til at den finst over heile regionen.

Avbøtande tiltak med blant anna nøyaktig lokalisering av arten kan gjere at ei utbygging som føreslått ikkje vil påverke naturverdien i så stor grad likevel. Planlagde tiltak er vurdert å vere tilpassa slik at miljøpåverknaden vert liten, og at området framleis kan vere økologisk funksjonsområde for artar sjølv om ein tillet noko utbygging. Ivaretaking av vegetasjon og avgrense inngrep er viktige verkemidlar. Jamfør §11 skal eventuelle kostnadar ved å hindre/avgrense skade skal berast av tiltakshavar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltakets og skadens karakter. For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal det jamfør §12 nyttast driftsmetodar og teknikk som gir dei beste samfunnsmessige resultata.


Planforslaget i sin heilskap er vurdert å medføre **noko forringa** påverknad på naturmangfald. I delområda der det finst observasjonar av artar med særskild verdi, er det som nemnd vurdert at planforslaget med utbygging i desse utan avbøtande tiltak vil få **sterkt forringa** påverknad for naturmangfaldet.

Tema: Naturmangfald

VERDI	PÅVERKNAD		
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1	Delområde område med raudlisteart (NT)
Verdi: Middels	Påverknad Forringa	Påverknad Noko forringa	Påverknad Sterkt forringa

Konsekvens	--	-	2-
Avbøtande tiltak		Krav til kartlegging av naturverdiar innanfor byggeområde der det er observert raudlisteart som blir følgt opp/ gjort juridisk bindande gjennom føresegnene til planen.	

3. Friluftsliv, folkehelse, barn og unge, universell utforming



Figur 32 – Ortofoto som viser viktige friluftsområder i området. Utsnitt av temakart med kartlagde friluftsområder (oppe t.h) og temakart som viser registrerte båthamner (nede t.h), kjelde: kommunekart.com, naturbase og arcgis.com

Planområdet inngår i svært viktig friluftsområde (verdi A) jf. rapport «Område for friluftsliv» (2008)⁹. Områdetypen er skildra som strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag, og går fram av temakart i naturbase med tilhøyrande faktaark¹⁰, der området er skildra som spesielt område med flere øyer, holmar og skjer. Området har flere gode hamner inne i vikene, sjå kartutsnitt ovanfor. Området er hyppig brukt av folk som driv med padling og dykking, og øyane har fine områder for fotturar. Området har historisk verdi som stoppestad for tømmertransport til Skottland, og «slottet» som var oppført på Solstråleøya på slutten av 1800-talet. Øya var gjeve til kongehuset i 1905, og etter kong Olavs død ble øya gitt i gave til Tysnes kommune under føresetnad at eideomen vert nytta til «friluftsområde for almenheten», og øya er nå tilrettelagt med stiar, toalett, utedømlar og kai- og bryggjeanlegg som gjer øya lett tilgjengeleg for båtfolk. Godøysund er eit fint utgangspunkt for padling ut til Solstråleøya. Aust på Solstråleøya ligg den gamle oppsynsbustaden, som kan leigast etter avtale. Gunnarsvikjo ligg ved innsegling til Godøysundet. Her er det flotte svaberg og ei lita strand, toalett, båtfeste og stupebrett. Fluøyane, som ligg nordvest for Store Godøy, har fine badeplassar, men grunna at deler av området er fuglereservat er det ferdslerestriksjonar mellom 15.april-31.juli. Det finst toalett og stupebrett, fin strand, feste for båt og gode fiskeplassar. Maurholmen innanfor planområdet vert også trekt fram som område med verdi for friluftsliv.

Friluftlivsinteresser og område med særskild verdi for friluftsliv er vurdert å vere godt kartlagt i tilgjengelege rapportar og temakart. Temaet er gitt **svært stor** verdi, med grunnlag i at området inngår i regionalt svært viktig friluftsområde.

0-alternativet – påverknad på friluftsliv, folkehelse, barn og unge og universell utforming

Området er lagt til rette med stiar i friluftsområda på og mellom øyane, men det ber preg av at områda ikkje har vore særleg vedlikehalde dei siste 20 åra. Nokre stadar ligg det velta tre over stiane, og det er vanskeleg å finne fram i terrenget om ein ikkje er kjent i området. Dei fleste besøkande kjem truleg med båt, og elles er det folk som går tur på eksisterande vegar på Midtholmen og Nordholmen. Området er ikkje spesielt tilrettelagt for born og unge, men det er gode bade- og fiskemogleigheter og sjøaktivitet elles. Infrastrukturen og terregnskilnadane på øya sett avgrensingar for universell tilgjenge i området. Vegane er grusa, og stiane i friluftsområdet er smale og stadvis bratte.

Jamfør plankart og føresegner i gjeldande plan, er det lagt vekt på tilrettelegging av friområda for ålmenta. Stinett er stipla på plankartet. Frå eksisterande tilkomstveg mot vestsida av Midtholmen er det lagt opp til ein stor parkeringsplass, noko som vil gjere at ein må gå gjennom parkeringsplassen for å komme videre på turstiane. Turstiane kunne med fordel vore lagt utanom parkeringsplassen både for å gi ei betre oppleveling og tryggleik. Maurholmen og det meste av Midtholmen er avsett til friluftsområde.

Badehuset er regulert til fritidsbustadar (utleige/næring), som vil redusere tilgjenga for ålmenta i eit område som har vore nytta som badeplass.

Det er vurdert at 0-alternativet gir **forbetra** påverknad på temaet, med grunnlag i korleis området framstår i dag og at ei realisering av planen vil kunne betre forholda for friluftsliv med undertema.

Planforslaget – påverknad på friluftsliv, folkehelse, barn og unge og universell utforming

Utbygginga etter planforslaget vil betre tilgjenga for ålmenta i området. Det er planlagd nye grusa tilkomstvegar fram til dei nye fritidsbustadane. Dette vil vere eit supplement til eksisterande stinett, slik at ein kan gå/sykle på ein litt meir tilrettelagt veg inn i området som i dag er tettgrodde av skog.

Det er lagt opp til tilrettelegging av leikeplassar, idrettsanlegg, småbåthamner inkludert gjestehamn og badeplass. Badeplassen kan leggast til rette med stupebrett, leikeapparat, samt ei badebrygge på holmen utanfor badehuset. Sjølv bygningen skal nyttast til blant anna omkledningsrom til bruk for ålmenta. Det er viktig å sikre felles/offentlege møtepunkt slik at born og unge kan møtast, og at ein har varierte tilbod som fremmar ulike typar friluftsliv. Innanfor friluftsføremålet er det i føresegnehene opna for at det kan etablerast ei «padlehytte»/kabin. Dette er eit lite byggverk tilrettelagt som kan nås med

kajakk/robåt/seglbåt eller ved gange, tilpassa omgjevnadane, utan vatn og straum. Føremålet med dette er å legge til rette for eit enkelt opphold som vil gje ei naturoppleving for ålmenta. Dagsturhytte er eit tilsvarande tiltak med same føremål.



Figur 33 - kabinhytte på Duøy i Øygarden kommune, kjelde: nullmeteroverhavet.no

Det er lagt til rette for næringsføremål i form av bevertning og selskapslokale aust på Nordholmen, og det er sett av plass til offentlege parkeringsplassar på fastlandssida. Dette er vurdert som ein viktig føresetnad for at området framleis skal vera eit område for ålmenta.

Det er vektlagt i føreseggnene at områda skal vere felles for planområdet og eventuelle andre med tilknyting/rettar i området, for å sikre vedlikehald av uteareala, vegar og friområde. Det er også presistert at områda skal vere offentleg tilgjengelege.

Universell utforming

Grunna terrengformasjonane på øya, og at ein ynskjer lett opparbeiding av vegar vil ikkje desse tilfredsstille krava i Norsk Standard for universell utforming. Den norske turistforrening m.fl. har utgitt «Merkehåndboka»¹¹, som skildrar ulike turrute-kategoriar. Godt tilgjengelege turruter er ein kategori som inneberer at ei ferdselsåre er betre tilgjengeleg for menneske med funksjonsnedsetting enn ein sti, men likevel ikkje slik at krava til universell utforming fullt ut er ivaretatt.

Tiltakshavarar av planen har eit stor ynskje om å setje i stand området slik at det igjen kan bli eit attraktivt friluftsområde. Det at ein opnar for utbygging vil vere avgjerande for å få dette til, både for å skaffe kapital til opparbeiding, men også for å sikre vedlikehald i åra framover. Som nemnd i punktet over vil planforslaget legge godt til rette for friluftsliv, folkehelse, barn og unge, og universell utforming i området. Påverknad vert soleis vurdert til å vera **forbeta**.

Tema: Friluftsliv, folkehelse, barn og unge og universell utforming

VERDI	PÅVERKNAD	
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Verdi: Stor	Påverknad Forbeta	Påverknad Forbeta
Konsekvens	+	+

Avbøtande tiltak	
------------------	--

4. Strandsone

Heile området ligg i strandsona (100-meterssonen langs kysten). Byggeforbodet i 100-metersbeltet gjeld til anna byggegrense er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan jf. Pbl §1.8.

Tysnes ligg i følgje «statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona» i område med mindre arealpress (sone 3). Regjeringa har vedtatt (21.05.2021) nye statlege planretningslinjer for strandsona. Dei nye retningslinjene sikrar ei meir differensiert forvaltning av strandsona. Det inneber at det er gitt større handlingsrom for å tillate utbygging i sprettbygde områder med lågt utbyggingspress.

Retningslinjene skal bidra til at det tas særskild omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i strandsona og avgrense unaudsynt bygging. Samstundes gir strandsona grunnlag for næring og busetjing langs kysten, og god arealplanlegging kan gi auka verdiskaping. Desse to forholda må balanserast gjennom planlegging.

Strandsona i det aktuelle området er vurdert å ha **svært stor** verdi med grunnlag i at planområdet inngår i regionalt svært viktig landskapsområde med områdetype strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag jf. rapport for kartlegging av friområde.

0-alternativet – påverknad på strandsone

Med grunnlag i at heile planområdet ligg i strandsona og at ei realisering av gjeldande plan vil medføre ei betydeleg utbygging i dette området med høg utnytting, er gjeldande plan vurdert å få **noko forringa** påverknad på strandsona. At det er snakk om næringsretta utbygging (utleige/hotell), gjer at negativ påverknad vert justert ned.

Planforslaget – påverknad på strandsone

Planforslaget legg til rette for privateigde fritidsbustadar, nye vegar, parkeringsplassar og leikeplass på Midholmen i område som ligg urørt frå før. Planområdet inngår i regionalt viktig område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne jf. kystsoneplanen.

I utgangspunktet er det i statlege planretningslinjer for strandsona rådd frå å tillate utbygging i strandsona der området har særskild verdi. Om ein skal tillate utbygging, bør omsyna til desse interessene takast godt i vare. I område der alt tilgjengeleg utbyggingsareal ligg innanfor 100-metersbeltet, og alternativ plassering av tiltak ikkje er mogleg, vil kommunen ha vidare tilgang til å vurdere utbygging i strandsona. Næringsutvikling og arbeidsplassar bør som utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustadar. Det kan vere grunnlag for å tillate tiltak som brygger, naust, sjøretta reiselivsanlegg, samt bruksendring av naust/sjøbuer til næringsføremål og ålmennnyttig føremål. Slike tiltak bør samlast i større fellesanlegg og lokalisera i tilknyting til annan busetnad. Elles vert det i retningslinjene påpeikt at plassering, terrenginngrep og infrastruktur i samband med utbygging er avgjerande for om ein skal kunne tillate utbygging i strandsona.

Omsyna til landskap, naturmangfold, friluftsliv og kulturminne er nærmare skildra i eigne avsnitt i konsekvensutgreiinga. Heile planområdet ligg i 100-metersbeltet, og er delvis utbygd frå før. Sjølv om næringsføremålet vert redusert, vil planlagde tiltak som beverting i Sjøbua, selskapslokale og gjestehamn gi moglegheiter for at det kan skapast eit næringsgrunnlag på Godøysund att. Planen opnar også for at det kan byggast fritidsleilegheiter som enten kan seljast eller leigast ut, som gir grunnlag for overnattingsmoglegheiter for tilreisande. Verdiane knytt til ålmenn tilgjenge i strandsona vert sikra og forbetra gjennom planforslaget. Dei mest verdifulle områda skal sikrast som friområde, og føreseggnene skal sikre ivaretaking og vedlikehald av desse. Mindre verdifulle områder er foreslått til utbygging av

fritidsbustadar. Grad av utnytting av området i form av talet på einingar er betydeleg redusert i høve gjeldande plan, noko som vil redusere presset på strandsona i området.

Ingen tomter grensar til sjø, og anlegg i sjø er avgrensa til felles småbåthamner hovudsakleg lokalisert i område som frå før er nytta til dette føremålet. Kyststiane ligg på yttersida av byggeområda langs sjøen, noko som forhindrar kommande søknadar om private anlegg i sjø, som vil redusere tilgjenga til strandsona. For å unngå privatisering skal ikkje hyttetomter kunna gjerdast inne, noko som vil redusere skiljet mellom fellesområda og tomtene.

Planforslaget er gitt **ubetydeleg** påverknad på strandsone, med grunnlag i ovanforståande vurderingar.


Tema: Strandzone

VERDI	PÅVERKNAD	
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Verdi: Stor	Påverknad Noko forringa	Påverknad Ubetydeleg
Konsekvens	-	0

Avbøtande tiltak	
------------------	--

5. Kulturminne- og kulturmiljø

Planområdet inngår i område med kulturminnerik strandsone og sone der det kan vere potensielle for kulturminne i sjø (marin kultur) i følgje temakart frå Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.



Figur 34 - temakart i samband med Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Planområdet er markert med svart strek, kjelde: arcgis.com


Godøysund var ein naturleg stoppestad for båtfolk mellom Bergen og Hardanger den gong sjøen var den vanlegaste fartsvegen. Tømmertransport på veg til Skottland stoppa på Godøysund mellom 15- og 18-hundretallet. Godøysund vart på den tida ein ladested med fast stopp for dampskip og ein gjestgjevargard. Då skipstrafikken stagnerte, heldt turistnæringa fram. Godøysund Fjordhotell vart bygd i 1883, og var internasjonalt kjent. Hotelldrifta stoppa i år 2000.

Det var fleire originale fasilitetar på øyane, blant anna tennisbane og badehus. Badehuset som ligg på Midthomen, står framleis i dag.



Figur 36 - Historisk foto av hotellbygningane og sjøhuset (t.v), og aktivitet ved badehuset (t.h) kjelde: ukjent/Rita Steckmest Sivertsen

Det er ikkje registrert kulturminne på land, men kulturhistoria her er verd å ta vare på likevel. Det er kulturhistoriske kvalitetar med bygningsmiljøet og kyststiane som fleire stadar er avgrensa av ein natursteinsmur mot sjøen. Dette vitnar om den aktiviteten som var her særleg på 60- og 70-talet og fram til år 2000.



Figur 35 - Flyfoto av området frå 1968, ein kan sjå fleire bygningar på Nordholmen og badehuset på Midtholmen, kjelde: Norgeibilder.no



Figur 37 – Sjøbua på Nordholmen (t.v) og mur/tursti langs sjøen ved Middelhavet (t.h). Sjøbua er restaurert i seinare tid og inneholdt blant anna serveringslokale, kjelde: Omega Areal AS.

Kulturminne i sjø

Det er registrert kulturminne i sjø like søraust for hotellbygget. Kulturminnet er fire store, klart avgrensa ballastrøysar bestående av vatnrulla steinar i jamstor størrelse, samt diverse lausfunn. Røysa er datert til 1700-talet, truleg knytt til den nemnde skipsfarten. Bergens sjøfartsmuseum varsla ved oppstart av planen først at dei ville få gjennomført ei ny registrering i sjøen, men etter dialog såg dei ikkje dette som naudsynt likevel.

På høgaste punkt på Maurholmen er det registrert ei hyttetuft frå tidleg 1900-tal, denne er ikke automatisk freda som kulturminne.



Figur 38 - Kart som viser registrerte kulturminne, kjelde: kulturminnesok.no. Til høgre er eksisterande naust ved/over registrerte kulturminne i sjø, kjelde: Omega Areal AS



Tema kulturminne- og kulturmiljø er tillagt **middels verdi** i vurderinga.

0-alternativet – påverknad på kulturminne- og kulturmiljø

Området ber preg av lite vedlikehald, både bygningar og kaianlegg er nedslite og i dårlig stand. Turvegane er stadvis attgrodd, og det er vanskeleg å orientere seg om ein ikkje er kjent. Utbygging etter gjeldande plan, vil resultere i ei massiv utbygging som ikkje tek omsyn til eksisterande kulturmiljø i området. I gjeldande plan ligg det blant anna føringar for sanering av badehuset og etablering av utleiehytter i staden.

Område med automatisk freda kulturminne i sjø er sett av til verneområde.

0-alternativet gir **ubetydeleg** påverknad på kulturminne- og kulturmiljø.

Planforslaget – konsekvensar for kulturminne- og kulturmiljø

Planforslaget legg opp til stor grad av opprusting og vidareføring av dei bygningane som ligg i området frå før. Badehuset skal nyttast som badehus også i framtida, med omkledingsrom og andre aktuelle funksjonar knytt til førestått badeplass. Sjøbua og området ved kaien på Nordholmen skal kunne nyttast til næringsføremål, som vil forsterke identiteten Godøysund har, som ein av dei eldste gjestgivargardane i Sunnhordland. Det er sett krav til utarbeidning av formingsrettleiar for nye fritidsbustadar, for å sikre ei heilsakleg utforming på nye bygg, tilpassa omgjevnadane. Kulturminna i sjø vert sikra med omsynssone vern av kulturminne med tilhøyrande føresegner som skal hindre øydelegging.

Planforslaget er gitt **forbetra** påverknad på kulturminne og kulturmiljø, i og med at ein legg opp til vidareføring av eksisterande aktivitet og arkitektur i området.



Figur 39 - Kaiområdet, hotellbygget (framme) og sjøboda (bak) som ligg aust på Nordholmen, kjelde: Omega Areal AS

Tema: Kulturminne- og kulturmiljø

VERDI	PÅVERKNAD	
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Verdi: Middels	Påverknad Ubetydeleg	Påverknad Forbetra
Konsekvens	0	+
Avbøtande tiltak		


6. Infrastruktur og trafikk

Godøysund ligg i enden av fylkesveg 5080 Godøysundvegen, og vidare via bru frå Gåsavika og over til Midholmen.



Figur 40 - Brua mellom fastlandet og Godøysund, foto teke frå Godøysund, kjelde: Omega Areal AS

Brua er i dag stengd med bom, slik at det berre er dei med køyrerett på øya som kan komme seg over med bil. Det er ein krapp sving (ca 90 grader) for å komme seg inn på brua, og brua er smal, sjå foto under.



Figur 41 – Foto som viser vegen opp til bruha på fastlandssida (t.v). Vegen er stengd med bom. Foto t.h viser brukaret på fastlandssida, kjelde: Omega Areal AS



Figur 42 - Den asfalterte plassen i Gåsavika, kjelde: Omega Areal AS

Eksisterande infrastruktur på øyene består av smale grusvegar. På fastlandssida er vegen asfaltert. Det er oppgitt ein ÅDT på 50 (2020)¹² på Fv5080, og dette er medrekna fritidsbustadområde Gåsavika like sørvest for planområdet. Plasseringa ute i Bjørnafjorden gjer at Godøysund er lett tilgjengeleg med båt, og det er moglegheiter for å legge til ved dagens anlegg.

Asfaltert plass langs Fv80 i Gåsavika var tiltenkt bussoppstillingsplass for hotellet på øya, og er skilta med parkeringsforbod. Det står søppelcontainerar på plassen i dag, som vert tømt av kommunal renovatør (SIM). Renovasjon let seg vanskeleg løysa på øyane då bruva ikkje er dimensjonert for større køyretøy. Tilkomst for brannvesenets tankbil er heller ikkje mogleg, tilstrekkeleg beredskap knytt til brann må difor løysast gjennom teknisk plan.

Det er ikkje eige tilbod for mjuke trafikantar i planområdet. Trafikkmengda er svært lav og vegsituasjonen tillèt ikkje høg fart. Det er ikkje registrert trafikkulykker på Fv80 eller på øyane. Det er ikkje kollektivtilbod til Godøysund.

Vatn vert levert av Tysnes vassverk som er privat. I følgje oppdragsgjevar, som har vore i kontakt med vassverket, går det vassleidning i sjø til Godøysund som har kapasitet til å levele vatn for opptil 800 husstandar. Det er etablert ein kum i vika i nordvest på Nordholmen der leidningen kjem inn, for vasstilførsel til planområdet og ei leidning som går vidare til Vetla Godøya, aust for Godøysund.



Figur 4344 - Foto av teknisk infrastruktur knytt til vassleidninga som kjem inn i vika nordvest på Nordholmen, kjelde: Omega Areal AS.

I samband med realisering av gjeldande reguleringsplan, som stoppa opp, vart det godkjent utslepp for 255 personekvivalentar (pe) som tilseier kapasitet for 72 hytter, der ein reknar 3,5 personar per fritidsbustad og 1 pe per person.

Det er eksisterande høgspenningsanlegg som kryssar Godøysund i luftlinje frå Gåsavika over til Midholmen, og vidare herifrå i bakken/ sjø vidare over til Stora Godøya der den igjen går vidare i luftlinje.

Eksisterande tilkomst frå fylkesvegen og over bruha har avgrensa kapasitet. Influensområdet strekker seg for dette tema utover plangrensa, då fylkesveg 5080 (Godøysundvegen) vil verte påverka. Tema er tillagt **stor verdi** i konsekvensutgreiinga.

0-alternativet – påverknad på infrastruktur og trafikk

I dag er det lite biltrafikk i planområdet. Jamfør vegkarta til Statens vegvesen er ÅDT på fylkesvegen oppgitt til å vere 50 (2020). I gjeldande plan er det i følgje lagt opp til 152 bueiningar, som genererer eit behov for 227 parkeringsplassar på øyane. Gjeldande plan legg også opp til stor grad av utleigehytter, hotell og anna turisme, som har eit langt større trafikkbehov enn privateigde hytter, då dei vil vere i bruk stort sett heile tida i sesong, og det vil stadig vere utskifting av brukarar, samt at det vil vere trafikk frå tilsette knytt til næringsføremåla (hotell, spa mm). Det er i planskildringa sagt at bruha skal oppgraderast, men det er ikkje sett krav til dette i føresegnene til planen. 0-alternativet er vurdert å ha **forringa påverknad** for infrastruktur og trafikk.

Planforslaget – konsekvensar for infrastruktur og trafikk

Planforslaget legg opp til ei langt lågare utnytting enn gjeldande plan når det kjem til talet på eininger. Det er i planen lagt opp til 10 leilegheiter og 27 nye fritidsbustadar (37 totalt). Parkeringsbehovet er ca 50 parkeringsplassar (1,5 per frittliggende fritidsbustad og 1 per leilegheit). Det er lagt til rette for noko offentleg tilgjengeleg parkering på fastlandet (f_P5). Privateigde hytter er vurdert å generere mindre trafikk enn næringsbusetnad då dei som oftast er sjeldnare i bruk (hovudsakeleg i helger og feriar), og det vil sjeldan vere slik at alle er på hytta si samtidig. Området ligg slik til at det truleg er eit hytteområde som i størst grad vert nyttå på sommarstid. I følgje transportøkonomisk institutt (TØI) er norske private fritidsbustadar i bruk ca 40 døgn i året medan fritidsbustadar for utleige har i gjennomsnitt 114 gjestedøgn)¹³.

Eksisterande og nye veier på øyane er av enkel standard, og vil vere eit tilbod både for gåande og køyrande. Tiltakshavar av planen legg opp til at vegen over til øyane framleis skal vere låst med bom, og det er sett krav til utbetring av bruha slik at ein kan løyse støyproblema. Brukarane av vegane vil ha kjennskap og eigarskap til området, slik at trafikksikkerheita er vurdert å vera akseptable.

Teknisk infrastruktur, som straum, vassforsyning og avlaup ser ut til å vera på plass fram til området. Det er også moglegheit for at fritidsbustadar på nabøyane kan få vassforsyning frå planområdet om det er behov. Kapasiteten er god. Det er sett rekjkjefølgjekrav til planlegging og gjennomføring av teknisk infrastruktur før utbygging. Det vurdert at planforslaget har **litt negativt omfang** for infrastruktur og trafikk.

Tema: Infrastruktur og trafikk

VERDI	PÅVERKNAD	
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Verdi: Stor	Påverknad Forringa	Påverknad Noko forringa
Konsekvens	--	-
Avbøtande tiltak		Avgrense biltrafikken med parkerings- og køyrerestriksjonar. Rekkjefølgjekrav til opprusting og vedlikehald av vegar og bru.

7. Ureining og miljø

Under synfaring er det oppdaga mykje søppel og restar av bygningsmateriale rundt omkring på øya. Ein del av det er rester etter dei gamle bygningane som stod på øya, men som vart brent ned for fleire år sidan. Det ser også ut til at ein del av søppelet er «nytt», og at ein del av dette og er vanleg hushaldningsavfall.



Figur 45 - Søppel og gamle bygningsdeler på Nordholmen,
kjelde: Omega Areal AS

Planområdet er utsett for støy frå bruva når det er køyretøy som kører over. Dette kjem også fram i innkomne merknadar for eksisterande hytteigarar i Gåsevika, som opplever sjenerande støy då bruva består av stålrister som beveger på seg når bilar kører over. I samband med eigarskiftet av Godøysund i 2015, vart det utarbeida ein tilstandsrapport på bruva, der det vart føreslått å leggje gummimateriale under ristene for å få bukt med støyproblemet.

I samband med eit kartleggingsarbeid av miljøtilstand i utvalde områder langs Norskekysten¹⁴ frå 2017 i regi av Miljødirektoratet, er Bjørnafjorden ein av dei fjordane som har vore kartlagt. Tilstanden til dei kartlagde områda er vurdert ut i frå undersøkingar av biologiske forhold (økosystem og artar) og kjemiske støtteparametre (næringsalt, oksygen, siktedjupne, temperatur og saltinnhald). I følgje overvakingsrapporten har vassførekomensten i Bjørnafjorden svært god tilstand.

Tema er tillagt **middels verdi** i konsekvensutgreiinga.

0-alternativet – konsekvensar for infrastruktur og trafikk

Som skildra er det oppdaga store mengder avfall etter rivne bygningar i området. Det er også registrert forsøpling med vanleg hushaldningsavfall, truleg som eit resultat av at det er lite aktivitet i området, og avgrensa ivaretaking av området.

Oppgradering av bruva er ikkje forankra i føresegogene i gjeldande plan, men det er lagt opp til at denne skal utbetra i følgje planskildringa.

0-alternativet er vurdert å ha **ubetydeleg** påverknad på ureining og miljø, då me legg til grunn at bruva vert utbetra og at det vert rydda opp i området i samband med utbygging

Planforslaget – konsekvensar for infrastruktur og trafikk

Ei utbygging i tråd med planen vil legge til rette for auka eigarskap til øya for dei som kjøper fritidsbustadar, og det er lagt opp til mykje fellesareal, som skal driftast av ei velforeining bestående av grunneigarane i området. I tillegg er det lagt opp til at verksemda knytt til næringsfunksjonen skal ha eit ansvar for noko av fellesarealet. På bakgrunn av dette meiner vi at det truleg ikkje vil vere eit stort problem med vidare ureining i planområdet framover.

Rekkefølgjekrav i føresegogene skal sikre utbetring av tilkomstbrua før det vert tillate ny utbygging i området, og at avfall skal fjernast. Krav til godkjent teknisk plan før utbygging skal sikre tilfredsstillande løysningar for handtering av overvatn og avlaupsvatn for å hindre ureining av natur på land og i sjø.

Planforslaget gir **forbetra** påverknad på ureining og miljø, på bakgrunn av at det vert stilt krav til opprydding og utbetring av støyforholda før utbygging.

Tema: Ureining og miljø

VERDI	OMFANG	
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Verdi: Middels	Omfang Ubetydeleg	Omfang Forbetra
Konsekvens	0	+
Avbøtande tiltak		

7.6 Samanstilling av tema og førebygging av verknader

Vurderingane gjort i konsekvensutgreiinga er stilt opp i tabellen under. Kvart tema er vist med påverknad og konsekvens som 0-alternativet og planforslaget (med delområde) vil medføre. Konsekvensutgreiinga skal skildre dei tiltaka som er planlagt for å unngå, avgrense, istandsette og kompensere for vesentlege skadeverknader for miljø og samfunn i både byggje- og driftfasen. Det er ikkje avdekkta funn med vesentlege skadeverknadar for miljøet i konsekvensutreiinga, forutan at det er to observasjonar av nær trua raudlisteart, som kan komma i konflikt med utbygging. Før utbygging må det difor gjerast nærlare registrering og eventuelt avbøtande tiltak for å sikre naturverdiane i dei aktuelle områda.

Funna i konsekvensutgreiinga peikar på at det er store verdiar knytt til friluftsliv og strandsone, og planlagd utbygging er vurdert å ha slik påverknad at det resulterande konsekvensane er lik eller meir positiv, enn den mest realistiske utviklinga som ligg føre (0-alternativet).

Tabell med samanstilling av alle deltema med utgreidd konsekvens

Tema	Verdi	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering		Alternativ 1 = nytt planforslag				Avbøtande tiltak
		Omfang	Konsekvens	Omfang		Konsekvens		
Landskap	Middels	Ferringa	--	Forbetra	Noko forringa	+	-	Føringar for utforming
Naturmangfold	Middels	Noko forringa	--	Noko forringa	Sterkt forringa	-	--	Minst mogleg inngrep. Krav til nærmere registrering av nær trua art før utbygging.
Friluftsliv, folkehelse, barn og unge, UU	Svært stor	Forbetra	++	Forbetra		++		
Strandsone	Stor	Noko forringa	-	Ubetydeleg		0		
Kulturminne- og kulturmiljø	Middels	Ubetydeleg	0	Forbetra		+		
Infrastruktur og trafikk	Stor	Ferringa	--	Noko forringa		-		Tilpassa utbygging til kapasitet på vegnettet
Ureining og miljø	Middels	Ubetydeleg	0	Forbetra		+		

8 ROS analyse

8.1 Bakgrunn

Etter plan- og bygningslova §4-3 (PBL) er det krav om å gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med utarbeiding av planar for utbygging. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Dette kan knytte seg til arealet slik det er frå naturens side, eller som følge av arealbruken.

8.2 Metode

Denne ROS-analysen er utarbeida med bakgrunn i rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (2017)¹⁵.

Den metodiske oppbygginga går ut på å dele analysen i følgjande fem trinn. **Trinn 1** gir ei kort skildring av planområdet, planlagde tiltak og eventuelle utfordringar. I dette tilfellet er trinn 1 dekka av skildringar i føregåande kapittel 5-7. I **trinn 2** skal ein identifisera moglege uønskte hendingar. Det er nytta ei oversikt (sjekkliste) for å identifisere uønska hendingar knytt til Detaljregulering for Godøysund. Sjekklista er ei tilpassa utgåve av sjekklista som går fram av rettleiaren frå DSB. **Trinn 3** er å vurdera risiko og sårbarheit av dei uønskte hendingane. På bakgrunn av risiko- og sårbarheitsvurderinga i trinn tre skal det i **trinn 4**

identifiserast tiltak for å redusera risiko og sårbarheit, eller avbøtande tiltak. Kvar hending er analysert i eige skjema for å identifisere risiko- og sårbarheitsforhold. I skjema er det også føreslått risikoreduserande tiltak. **Trinn 5** er å vurdere korleis hendinga påverkar planforslaget. Funn frå ROS-analysen må følgjast opp i planen. Til dømes kan det vera aktuelt å legga inn relevante planføresegner og omsynssoner i plandokumenta.

8.2.1 Omgrep

Risiko uttrykker den faren som uønskte hendingar representerer for menneske, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Risiko er eit resultat av sannsynet for (frekvensen) og konsekvensane av uønskte hendingar (DSB).

Sårbarheit er eit uttrykk for eit system si evne til å fungera og oppnå måla sine når det blir utsett for påkjenningar (DSB).

Sannsyn er eit uttrykk for kor hyppig ei hending kan ventast å inntreffa. Vurderinga må byggja på kjennskap til lokale tilhøve, røynsler, statistikk og anna relevant informasjon.

Konsekvens er mogeleg verknad av ei hending.

8.2.2 Akseptkriterier

I ROS-analysen er det nytta akseptkriterium som Tysnes kommune har vedteke, i samband med heilskapleg ROS (25.04.2017).

Vurdering av sannsyn for ei uønska hending er jf. kommunen sin heilskaplege ROS delt i:

Vekting	Sannsyn	Frekvens
5	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000. år
4	Noko sannsynleg	Ei hending per 100-1000 år
3	Sannsynleg	Ei hending per 10-100 år
2	Mykje sannsynleg	Ei hending per 1-10 år
1	Svært sannsynleg	Ei hending per år eller oftare

Konsekvenstypar

I følgje Tysnes kommune sin heilskaplege ROS skal ein vidare vurdere kva konsekvensar ei hending kan få for; *Liv og helse, Materielle verdiar/økonomi, Ytre miljø (luft, vatn og grunn) og Samfunnsviktige funksjonar*. I rettleiaren frå DSB er det gitt anbefalingar om at ein bør vurdere konsekvensar for natur og miljø (ytre miljø) gjennom andre metodar (f.eks konsekvensutgreiing).


Rettleiaren nyttar risikokategori *stabilitet* som tilsvrar risikokategori *samfunnsviktige funksjonar* i kommunen sin ROS. Risikokategori *stabilitet/samfunnsviktige funksjonar* vert berre delvis vurdert vidare i denne ROS-analysen. Manglande dekning av grunnleggjande behov og forstyrriingar i dagleglivet vert i liten grad råka av mogelege uønska hendingar i og ved planområdet, forutan at det går ein høgspent straumkabel gjennom planområdet. Bruken på Godøysund kan reknast som eit fritidstilbod, og ein har difor høve til å fortsetje dagleglivet ved den faste bustaden.

På bakgrunn av dette vert det i denne ROS-analysen vurdert kva konsekvenser dei uønska hendingane vil få for; *Liv og helse, Materielle verdiar/økonomi, Samfunnsviktige funksjonar* (for enkelte hendingar)

Inndeling i grad av konsekvens jf. kommunen sin heilskaplege ROS

Vekting	Konsekvens	Liv og helse
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller små personskadar.
2	Ein viss fare	Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming
3	Alvorleg/farleg	Inntil 10 alvorlege person-skadar eller mange små personskadar. Sjukefråvær
4	Kritisk	Inntil 25 alvorleg skadde personar eller inntil tre dødsfall
5	Katastrofal	Fire eller fleire døde
Vekting	Konsekvens	Materielle verdiar / økonomi
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 50.000 kr.
2	Ein viss fare	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 50.000 - 200.000 kr
3	Alvorleg/farleg	Skade eller tap av verdiar av noe varigheit, mellom 200.000 - 2.000.000 kr
4	Kritisk	Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, mellom 2.000.000 - 20.000.000 kr
5	Katastrofal	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 20.000.000 kr
Vekting	Konsekvens	Samfunnsviktige funksjonar (Stabilitet jf DSB)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Ikke trong for reserveresystem
2	Ein viss fare	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Dersom det ikkje finst reser- vesystem/alternativ kan det ha konsekvensar for liv og helse, miljø og økonomi.
3	Alvorleg/farleg	Driftsstans fleire døgn.
4	Kritisk	Systemet vert sett ut av drift over lengre tid.
5	Katastrofal	Hovud- og avhengige system vert sett vekesvik eller permanent ut av drift.

Sannsyn og konsekvens av ulike hendingar gir saman eit uttrykk for den risikoen ei hending representerer (Risiko = sannsyn x konsekvens). Vurderingane av sannsyn og konsekvens vert samanstilt i ei risikomatrise. Kommunens heilskaplege ROS nyttar ikkje risikomatrise, men i ROS-analyse for kommuneplanens arealdel er det nytta følgjande risikomatriser:



Figur 46 - Risikomatrise,
kjelde: Tysnes kommune,
kommuneplanen (2010-
22) Vedlegg 1

Det tre aktuelle risikomatrisene frå kommuneplanen vert nytta vidare i denne ROS-analysen. Hendingar i raude felt krev avbøtande tiltak. For hendingar i gule felt bør avbøtande tiltak vurderast. Hendingar i grønt felt har akseptabel risiko.

8.3 Identifisering av uønska hendingar (trinn 2)

Hending/ situasjon	Aktuelt? (ja/nei)	Kommentarar	Kjelder
Naturgitte forhold/ Naturhendingar			
Er området utsett for eller kan planen medføre risiko for:			
1. Ras/ skred (steinsprang, snø, sørpe og lausmasseskred)	Nei	Det er ikke registrert fare- eller aktsemdområde for skred	atlas.nve.no
2. Geoteknikk (bergartar, lausmassar og stabilitet)	Nei	Lausmassar av forvitningsmateriale, karakteristikk - fjell i dagen/liten jorddjupne til fjell. Området ligg under marin grense, men i følgje NGU finst det genereit ikke marin leire der det på kart er markert forvitningsmateriale	NGU https://www.ngu.no/emne/forekomst-eller-ikke-av-marin-leire
3. Flaum (elv, bekk)	Nei	Ingen bekker eller elver i området	
4. Ekstrem nedbør (stormflo, høgvasstand, store bølgjer og stigning av havnivå)	Ja	Området som ligg lågt over sjølinja er utsett for overfløyming ved	Sehavniå.no
5. Ekstrem vind	Ja	Er utsett for vind frå Bjørnafjorden i nordvest. Det er observert fleire trevelt i skogen	
6. Skog- og grasbrannar	Ja	Området har ein del skog. Ved skogbrann er det fare for spreiing til bygg	NIBIO-Kilden Synfaring
7. Terregngformasjon (naturlege terregngformasjonar som utgjer spesiell fare)	Ja	Terregngformasjonar med stadvis bratte skrentar/stup	Synfaring
Andre uønskte hendingar			
Kan planen få konsekvensar for eller kan planområdet verta påverka av:			
8. Trafikkulukker	Ja	Det er ingen registrerte ulykker på veg. Småbåttrafikk utgjer ei fare for ulukker	Vegkart.atlas.vegvesen.no
9. Skipstrafikk	Ja	Området ligg med nærliek til sjø	
10. Industri og næringsliv i nærområdet	Nei	Ikkje slike verksemder i området	
11. Ureining (akutt og anna, ureining av grunn, deponi etc.)	Ja	Det er observert restar frå gamle bygningar og anna avfall i planområdet	Synfaring
12. Transport av/ulukke med farleg gods	Nei	Ikkje relevant frå veg. På sjø vert dette fanga opp i tema 8.-Skipstrafikk	
13. Brann og eksplosjon	Ja	Tilkomstvegen/brua i området har avgrensa tilgjenge for store køretøy	
14. Dambrot	Nei	Ikkje aktuelt	
15. Støy til omgjevnadene	Ja	Mekanisk støy frå bruia	
16. Stråling (høgspent linje)	Ja	Høgspentlinje går i bakken gjennom området	Kommuneplan

8.4 Risiko- og sårbarhetsvurdering

Alle de uønskede hendelsene som er identifisert i punkt 8.3, vert vidare analysert i egne skjema for å identifisere risiko- og sårbarhetsforhold. Fullstendige skjema ligg som vedlegg 1, nedanunder er ei kort oppsummering som viser sannsyn og konsekvens for kvart tema.

ID. (frå sjekkliste)	4	Hending: Ekstrem nedbør (stormflo, høgvasstand, store bølgjer og stigning av havnivå)					
Sannsyn	1	2	3	4	5	Grunngjeving	
	x					Meir ekstremver er vurdert som svært sannsynleg, med ei hending per år eller oftare	
Konsekvens	1	2	3	4	5	Grunngjeving	Risiko
Liv og helse	x					Ufarleg eller ubetydeleg - Ingen eller små personskadar. Ekstremver blir varsle i forkant	
Materielle verdiar			x			Vassintrønging i bygg, øydelegging av fortøyning/flytebryggjer, anslått til alvorleg fare på mellom 200.000- 2 000 000	

ID. (frå sjekkliste)	5	Hending: Ekstrem vind					
Sannsyn	1	2	3	4	5	Grunngjeving	
	x					Meir ekstremver er vurdert som svært sannsynleg, med ei hending per år eller oftare	
Konsekvens	1	2	3	4	5	Grunngjeving	Risiko
Liv og helse	x					Ufarleg eller ubetydeleg - Ingen eller små personskadar. Ekstremver blir varsle i forkant	
Materielle verdiar			x			Gamle tre kan blåse ned og skade deler av bygg, eller takstein og andre bygningsmaterialer kan bli tatt av vind. anslått til ein viss fare på mellom 50.000-200 000,-	

ID. (frå sjekkliste)	6	Hending: Skog og grasbrannar					
Sannsyn	1	2	3	4	5	Grunngjeving	
			x			Det har vore aukande skogbrannfare på sommarstid generelt i heile landet. Skogbrann er vurdert som sannsynleg med ei hending per 10-100 år	
Konsekvens	1	2	3	4	5	Grunngjeving	Risiko
Liv og helse		x				Ufarleg eller ubetydeleg – Få og mindre personskadar. Godt varslingsssystem, høg aktsemd og bålforbod i tørre periodar	
Materielle verdiar			x			Alvorleg/farleg - Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, mellom 200.000 - 2.000.000 kr	

ID. (frå sjekkliste)	7	Hending: Terrengformasjon (naturlege terrengeformasjonar som utgjer spesiell fare)					
Sannsyn		1	2	3	4	5	Grunngjeving
				x			Naturlig bratt terrenge er ikkje unikt for planområdet, det krev merksemd når ein går i ulent terrenge. Sannsynet er vurdert å vere sannsynleg med ei hending per 10-100 år
Konsekvens	1	2	3	4	5	Grunngjeving	Risiko
Liv og helse			x			Inntil 10 alvorlege personskadar. Sjukefråvær	
Materielle verdiar		x				Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 50.000 - 200.000 kr	

ID. (frå sjekkliste)	8	Hending: Trafikkulukker (på veg og på sjø)					
Sannsyn		1	2	3	4	5	Grunngjeving
				x			Statistikk frå Sjøfartsdirektoratet viser færre dødsulukker nå enn før. Sannsynet er vurdert å vere sannsynleg med ei hending per 10-100 år
Konsekvens	1	2	3	4	5	Grunngjeving	Risiko
Liv og helse		x				Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming	
Materielle verdiar		x				Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 50.000 - 200.000 kr	

ID. (frå sjekkliste)	9	Hending: Skipstrafikk					
Sannsyn		1	2	3	4	5	Grunngjeving
				x			I følge Kystverket sin kartportal (Kystinfo.no) ligg planområdet utanfor farledsareal. Området er delvis skjerma, av naboøyar som ligg mellom farled og området. Sannsynet er vurdert å vere noko sannsynleg med ei hending per 100-1000 år
Konsekvens	1	2	3	4	5	Grunngjeving	Risiko
Liv og helse	x					Ingen eller små personskadar, grunna godt varslingssystem, og at funksjonar for varig opphold er lagt skjerma innaskjers og høgare i terrenget.	
Materielle verdiar		x				Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 50.000 - 200.000 kr	

ID. (frå sjekkliste)	11	Hending: Ureining (akutt og anna, ureining i grunn, deponi etc.)					
Ingen							
Sannsyn		1	2	3	4	5	Grunngjeving

Denne hendinga er ikkje eigna for sannsynsgradering, men hendinga er vurdert som

						aktuell. Hendinga inngår også som tema i konsekvensutgreiinga, der fare for ureining av miljø er vurdert.
Konsekvens	1	2	3	4	5	Grunngjeving
Liv og helse				x		Gamle bygningsmateriale kan innehalde kreftframkallande stoff, som utgjer ei fare for liv og helse, som i verste fall kan føre til død.
Materielle verdiar	x					Ubetydeleg

ID. (frå sjekkliste)	13	Hending: Brann og eksplosjon.				
Sannsyn	1	2	3	4	5	Grunngjeving
			x			Brann i bygningar er vurdert som sannsynleg med ei hending per 10-100 år
Konsekvens	1	2	3	4	5	Grunngjeving
Liv og helse			x			Krav til utstyr i nye bygningar reduserer konsekvensen for denne hendinga
Materielle verdiar				x		Alvorleg

ID. (frå sjekkliste)	16	Hending: Stråling (høgspentkabel)				
Sannsyn	1	2	3	4	5	Grunngjeving
						Denne hendinga er ikkje eigna for sannsynsgradering, men hendinga er vurdert som aktuell
Konsekvens	1	2	3	4	5	Grunngjeving
Liv og helse		x				Godt isolert kabel, og at ein nytta maskinar gjer at konsekvensen vert ei viss fare for få og små personskadar som treng medisinsk handsaming
Materielle verdiar		x				Ein viss fare, 50.000 – 200.000
Stabilitet/ samfunnsfunksjonar		x				Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Dersom det ikkje finst reserveresystem/alternativ kan det ha konsekvensar for liv og helse, miljø og økonomi.

8.5 Oppsummering og konklusjon

Føremålet med ROS-analysen er å sikre at forhold som kan medføre alvorlege konsekvensar for menneske, økonomiske verdiar eller samfunnsfunksjonar kjem fram i plansaka, slik at konsekvensar og skader av uønskte hendingar vert redusert. ROS-analysen identifiserer korleis planforslaget bør innordne seg, samt tiltak som bør følgjast opp i vidare detaljprosjektering, anleggfasen og den permanente driftsfasen for området, for å redusere risikoene til et akseptabelt nivå. Analysen dannar grunnlag for dei valte løysningane og avbøtande tiltaka som inngår i reguleringsplanen i plankart og føresegner. ROS-analysen har avdekkja 10 moglege uønskte hendingar. Hendingane er vidare vurdert etter Tysnes

communes akseptkriterier og risikomatrise. Det er avdekket risiko i gul og raud risikosone for fleire av dei uønskte hendingane. De fleste av desse kjem innanfor gul risikosone, men to av hendingane kjem innanfor rød risikosone. Dette gjeld terrengformasjon (naturlege terrengformasjoner som utgjer spesiell fare), og brann og eksplosjon (innsatstid for naudetata). Desse hendingane kan medføre dødsfall og kommer følgeleg i raud sone for liv og helse. Det er vurdert behov for risikoreduserende tiltak for alle uønskte hendingar, og tiltaka er samanstilt i tabellen nedanunder. Dei avbøtande tiltaka sikrar at risikoforholda kjem innanfor akseptabelt nivå etter Tysnes kommunes akseptkriterier og risikomatrise.

Forslag til tiltak og mogeleg oppfølging	
Uønskt hending	Oppfølging gjennom planverktøy og anna
Korleis leggje til rette for tilstrekkeleg tryggleik	
4 Ekstrem nedbør (stormflo, høg vasstand, bølgjer og havnivåstiging)	Juridiske føresegner: som skal sikre at byggverk og konstruksjonar som kan vere utsett frå ekstremver i sjø ver prosjektert slik at dei toler denne påkjenninga Konstruksjonar som ikkje toler vassinnitrenging må førast opp med lågaste golv på minimum kote 2,5 moh jf. føresegn i kommuneplanen.
5 Ekstrem vind	Ingen tiltak naudsint då krav til konstruksjonssikkerheit mot naturpåkjenningar er sikra gjennom TEK17 §10-2
6 Skog og grasbrannar	Tilstrekkeleg avstand mellom bygg for å hindre spreiling mellom bygg Føresegn om at teknisk plan som inkluderer løysning for sløkkevatn må vere godkjent før utbygging.
7 Terrengformasjonar (naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare)	Føresegn knytt til vedlikehald/opparbeiding av tursti, med avbøtande tiltak som sikring av farlege skrentar, merking med meir.
8 Trafikkulukker (på veg og sjø)	Risiko for trafikkulukke på veg er vurdert å vere låg, særskilde tiltak er ikkje naudsint. Mykje småbåttrafikk, kan komma i konflikt med badande. Føresegn som sikrar etablering av badebøyer i utkanten av badeområdet ved Badehuset på Midtholmen.
9 Skipstrafikk	Lite sannsynleg, det er ikkje lagt opp til avbøtande tiltak, utover at bygninga for varig opphold er trekt vekk frå strandlinja.
11 Ureining (akutt og anna, ureining i grunn, deponi etc.)	Sikre gjennom rekjkjefølgjekrav at avfall vert fjerna og handtert på forsvarleg vis.

9 Verknadar / konsekvensar av planforslaget

Verknadane og konsekvensane av planforslaget er i stor grad belyst gjennom kapittel 7 – Konsekvensutgreiing. Nedanunder er det difor ei avgrensa skildring av verknadar, som ikkje er omtala som del av konsekvensutgreiinga.

9.1 Forhold til gjeldande arealplanar

Tysnes kommune held for tida på med rullering av kommuneplanen, og Godøysund har komme med innspel til denne med ynskje om utbyggingsføremål også på Midholmen.

Nordholmen er i kommuneplanen avsett til nåverande næringsføremål, i samband med at det er sett omsynssone «Reguleringsplan skal fortsatt gjelde» for området. Gjeldande reguleringsplan har ein stor del føremål for hotell/bevertning, i tillegg til føremål for fritidsbustad. Tomta der Prinsehytta ligg, er regulert til bustadføremål i denne. Tiltaka som er føreslått på Nordholmen i planforslaget er vurdert å ikkje vere i strid med dette.



Figur 47 - Gjeldande reguleringsplan (stort kart) samanlikna med kommuneplanen (lite kart), kjelde: kommunekart.com

Planforslaget legg opp til ein stor del føremål for fritidsbustadar, der tomtene vil bli seld enkeltvis, men det er og sett av ein mindre del for tenesteyting (inkludert moglegheit for etablering av utligeleilegheiter/varme senger) og bevertning i planen. Det har vist seg å vere vanskeleg å realisere dei ambisiøse planane som gjeld for området i dag. Samstundes er Godøysund eit attraktivt område for både båtturistar og lokalfolk, og eit mindre tenestetilbod på øya, særleg i sommarhalvåret, kan det vere grunnlag for. Kombinert med tilrettelegging av badeplasser, gjestebrygge, park- og leikeareal som skal vere offentleg tilgjengelege vil ein kunne få eit område der folk kan komme å få ei oppleving. Tilbod om kajakkutleige og tilgang til tennisbane er gjerne tenester som drivarane av Sjøbua kan organisere. Planen opnar for etablering av ei dagsturhytte/ «padlehytte», eit tiltak som andre stadar vert drifta av eit friluftsråd eller turistforeining.

Midholmen og Maurholmen er i kommuneplanen avsett til LNF-føremål. I gjeldande reguleringsplan er det likevel regulert inn parkeringsareal (med høve for å byggje garasjar), utleigehytter, småbåtanlegg og

fritidsbustad i dei austlege delane av Midholmen. Gjeldande plan er med dette heller ikkje fri for utbygging på Midholmen.

Område på fastlandet i Gåsevika

Eit område på fastlandet i Gåsevika, som ligg langs med fylkesvegen er teke med i planområdet (del av gnr/bnr 99/4), med føremål om å regulere dette til parkeringsplass og område for oppstilling renovasjonsdunkar. Dette området er sett av til LNF- føremål i kommuneplanen. Arealet er asfaltert og i bruk i dag. Den vart opparbeida av dåverande Hordaland vegkontor i tidsrommet 1995-1997, i samband med utviding av fylkesveg 80 Godøysundvegen. Kontrakten mellom grunneigar og vegkontoret, datert 19/9 -95, fastset at vegkontoret får det naudsynte arealet til å utvida vegen vederlagsfritt mot at dei samtidig opparbeider ein parkerings/snuplass for grunneigar. Vegkontoret skal overta alt areal under opparbeiding, og overføre parkeringsplassen attende til grunneigar ved ferdigstilling.

Grunneigar hadde på førehand selv plassen til Godøysund Fjordhotel AS i kontrakt datert 18/12 -92. Den var då tiltenkt brukt til bussoppstillings- og snuplass for fjordhotellelet, men sjølvé frådelinga av arealet vart aldri gjennomført og søkt om. Truleg skyldast dette opphaldet mellom salet frå grunneigar til hotellet i 1992, og ferdigstillinga i 1997. Grunneigar er nå Godøysund AS, men frådelinga er ikkje gjennomført. Ei frådeling vil vere enklare når området inngår i reguleringsplan når ein har fastsett bruken.

Mindre einskilde eksisterande tiltak i større LNF område blir vanlegvis ikkje skild ut med eiga arealføremål i arealdelen til kommuneplanen. Arealet er eit slikt eksisterande einskilt tiltak i eit større LNF område. Det vart lovleg opparbeida i 1997 og har sidan vore i bruk til føremålet det er føreslått regulert til. Arealet ligg langs eksisterande fylkesveg, og har låg verdi som LNF-område, då det ligg i utkanten av LNF-området og er opparbeida med asfalt. Vi kan i dette tilfellet ikkje sjå at denne omreguleringa går på

vil få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, eller at tiltaket vil vere i konflikt med overordna plan. Grunneigar av LNF-området, skal framleis at tilgang til skogteigar via parkeringsplassen. Føresegnerne skal sikre dette.

10 Innkomne merknadar

10.1 Samandrag frå innkomne merknader

Jan Steinfeld Holmberg - 09.01.2019

Det blir vist til planprogrammet sin omtale av aktuelle tema for konsekvensutgreiing, under forureining og vassmiljø der det står at «planområdet er ikkje utsett for kjende kjelder til støy».

Underteikna (eigar av gnr./bnr. 99/85) hevder at bruva mellom øyane og fastlandet er til betydeleg sjenanse for dei nærmaste eigedommane. Dette er grunna konstruksjonen med lause stålrister som slår mot stålramma dei ligg på når bilar køyrer over. Fjellveggen lagar vidare ekko av lyden.

Støy frå bruva har vore ein sak sidan den var under planlegging. Det ligg føre ein rettskraftig overeinskomst frå desember 1997 der eigar av bruva går med på å legge gummidemping mellom ristane og ramma, for å bøte på lyden. Tiltaket er ikkje gjennomført.

Det er vedlagt sakspapir frå planbehandling, kommunalt råd og frå forliksrådet.

Kommentar: Det er innarbeida krav i føresegnene om at utbetring av bruva for å fjerne mekanisk støy må vere gjennomført før det vert gitt løyve til å setja i gong med bygging av nye fritidsbustadar i planområdet.

Geir Gjøstein – 10.01.2019 og 10.02.2019.

Eig gnr./bnr. 101/28 og 101/29 innanfor planområdet. Gjeldande plan plasserer 1 ½ fritidsbustad på hans eide, og naustetomta deira er ikkje teke omsyn til. Han førespør eit mellombels kart over tiltaka som er under planlegging, for å ha eit utgangspunkt å gje sine merknadar ut frå.

Dei ønsker ikkje at fritidsbustadane som er regulert inn på sin eide blir vidareført.

Dei har tinglyst rett på vassforsyning frå hotellet sitt anlegg. Dei overtok anlegget i 2014, og har sjølv heldt det i hevd. Planarbeidet får ikkje påverke vasskjelda deira.

Dei har vegrett på eksisterande veganlegg til fritidsbustad- og nausttomta.

Dei har tinglyst rett til å nytta kaianlegg og strandsone tilhøyrande gnr./bnr. 101/1.

Dei har evigvarande, eksklusiv og vederlagsfrei bruksrett på 25 m² av felles naust/garasje samt bruksrett på parkering ved anlegget.

101/29 er ei nausttomt dei ønsker vidareført.

Kommentar: Planen har som intensjon å vidareføre alle tinglyste rettighetar. Det er høve til å komme med innspel til det føreliggande planforslaget i samband med offentleg høyring.

Åsta Midtbø – 11.01.2019

Ho ber om at tilkomstane til skogsvegane hennar på skogteigen med bnr./gnr. 99/4 blir regulert inn i det nye plankartet. Dei aktuelle skogsmaskinane må bereknast som 4 m breidde. Ca. plassering av tilkomstane er vist på vedlagt kartskisse.

Kommentar: Merknaden er imøtekommende. Plankart og føresegner set føringar for at Midtbø skal kunne komme inn på sin skogteig 99/4 via parkeringsplass P5.

Hilde Dahl Trellevik og Erik Trellevik – 13.01.2019

Det blir protestert mot at dei ikkje er varsle om oppstart og kravd utsett merknadsfrist.

Kommentar: Dei er oppfordra til å komme med merknadar. Men dei er ikkje nabo eller gjenboar og blei difor ikkje varsle særskild om oppstarten.

Ole-Gunnar Anfinsen - 21.01.2019

Grunneigarane på gnr./bnr. 99/18 er i utgangspunktet positive til tiltak på Godøysund, men stiller spørsmål til mogleg parkering på landsida. Skal det vere parkering på bakken eller i parkeringshus? Kor mange einingar skal parkeringa dekke? Gåseviken har allereie eit parkeringsproblem. Korleis skal ein sikre snuplass for større køyretøy dersom snuplassen blir brukt til parkering? Dei ønsker eit meir detaljert kart som syner dei kringliggende areala.

Kommentar:

Parkeringsplassen i Gåsevika er sett av til offentleg tilgjengelege parkeringsplassar for besøkjande som ynskjer å nytta seg av felles- og friområda på Godøysund. Manøvreringsareal for renovasjonsbil er tilfredsstilt.

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga – 24.01.2019

Det blei utført arkeologiske registreringar på land i samband med førre reguleringsplan i 2007. Sidan plangrensa no er utvida til fastlandet vil Fylkeskonservatoren gjere registreringar på fjellhylla over brufestene. Det er lagt ved kostnadsoverslag for registreringane.

Kommentar: Planforslaget omfattar ikkje området som er aktuelt å registrera. Sjølve bruva inngår i planområdet, og einaste tiltak i området er å utbetre dekket på bruva. Vi ser ikkje at dette vil føre til behov for nye registreringar i området.

Gisle Didriksen - 24.01.2019

Det blir vist til frådelingssøknad for areal til parkering på fastlandet. Arealet er ikkje tidlegare nytta som parkeringsplass. Det var opparbeida som snuplass for store køyretøy og nytta deretter, og er skilta med parkeringsforbod. Velforeininga tok sjølv initiativ til å legge om ei teleline slik at ambulansehelikopter kan lande der. Det blir oppfordra til å sjå på parkeringsløysinga i gjeldande plan. Det blir gitt støtte til nabomerknad i frådelingssaka.

Kommentar: Frådelingssaka det vert vist til, er ei sak som etter dialog med Tysnes kommune vart avslutta, då ein vil vente med fråskiljing av eigedommar til etter at reguleringsplanen er handsama.

Statens vegvesen – 28.01.2019

Statens vegvesen gir merknadar til areal som støytar til deira eigedom på Fv5080. Parkeringsplassar må opparbeidast med trygg tilkomst, utforma etter handbok N100. Det må vere tilstrekkeleg plass for store køyretøy, container til renovasjon og til tömming av disse. Dette blir kravd ferdigstilt før utbygging i planområdet kan blitt satt i gang. Det er minna om byggegrense på 15 meter til fylkesvegen, gitt i vegvesenet sin rammeplan. Det blir invitert til diskusjon om tenleg byggegrense før offentleg ettersyn av planen. Det er også krav om eit tre meters belte langs vegen regulert til anna veggrunn.

Kommentar: Plankartet er utforma i samsvar med innspela, og det er sett rekjkjefølgjekrav til opparbeiding. Det er regulert inn 3 meter breitt belte med føremål anna veggrunn langs parkeringsplassen. Byggjegrensa vert sett i denne føremåls grensa, som tilseier ein avstand på minimum 6,3 meter fra senter av fylkesvegen. Fylkesvegen er brei (6-7 meter) forbi dette området, trafikkmengda er låg, og det er ikkje snakk om utbygging anna enn samlepunkt for renovasjon og parkeringsplassar.

Vibeke Huun Birkeland og Peter Michael Huun – 02.01.2019

Dei er eigar av tomta grn./bnr. 101/7 innanfor planområdet. Dei ber om at tomta blir regulert til fritidsbustad. Det er vist til at arealformål var fritidsbustad når tomta ble oppretta, og at nabotomta 101/6 er bygd med fritidsbustad.

Kommentar: Av omsyn til friluftsliv, byggeforbodet i 100-metersbeltet til sjø er det ikkje føreslått utbyggingsføremål innanfor denne teigen i planforslaget.

Kystverket vest – 06.02.2019

Kystverket varetok omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Tiltak som kan virke på dette også skal handsamast etter hamne- og farvasslova. For planlagde tiltak i sjø er Tysnes kommune hamnemynde etter § 27. Tiltaket er ikkje vurdert å vere i konflikt med farlei eller navigasjonsinstallasjonar. Korrekt sakshandsaming for tiltak i sjø må inn i føresegna.

Kommentar: Merknaden er teke til orientering.

Mattilsynet – 12.02.2019

Det blir minna om krav til vassforsyning i drikkevannsforskriften. Eventuelle nyestableringar av vassforsyning eller omfattande utviding av eksisterande anlegg skal vere godkjent av Mattilsynet.

Kommentar: Vassforsyning i samsvar med forskrift om drikkevatn vil bli lagt til grunn.

Knut Larsen – 13.02.2019

Som huseigar på Store Godøya og innehavar av rett til parkering og båtplass på Godøysund ønsker Larsen tilbakemelding på korleis desse behova blir ivaretake i framtida. Det er vist til vedlagt brev frå Tysnes kommune som syner at bruа blei delvis finansiert og oppført for å gi bebuarar på dei kringliggende øyane vegsamband nærmere sine eigedommar, og oppfordrar til å halde dette ved like. Det er vist til avtale mellom Tysnes kommune og Godøysund Fjordhotel A/S som held bruа open for allmenn ferdsel med moglegheit for stenging mellom kl. 02:00 og 08:00. Det er vist til brev skreve av Godøysund Fjordhotell A/S v/L.E. Nilsen som skildrar høva mellom hotellet og naboen, samt årsaka til at bruа tidvis blei stengt.

Kommentar: Planen har som intensjon å vidareføre alle tinglyste rettighetar. Båtplassar og parkeringsplassar er regulert inn, og bruva skal framleis vere tilgjengeleg for dei med rett til bruk av denne.

Naboar i Gåsevika, signert av 15 personar – 13.02.2019

Det blir opplevd som positivt at Godøysund blir bygga ut. Det blir likevel for høg del privat eigde hytter. Det blir argumentert for at området blir bygga ut meir i tråd med eksisterande reguleringsplan, med tett busetnad på nordre Godøya og parkering på søre Midtholmen. Brua bør få støydempeende tiltak. Dei motsett seg parkering på fastlandet grunna sjenanse, fare for parkering langs Fv80 og behov for eit område for renovasjon, snuplass for store køyretøy og helikopterplass. Dei foreslår at fartsgrensa blir sett til 50 km/t grunna auka trafikk, og at det blir oppretta kollektivsamband til Godøysund.

Kommentar: Planforslaget legg opp til langt færre einingar enn kva som ligg i gjeldande plan, slik at trafikk og arealbeslag vert avgrensa. Planen legg til rette for næringsføremål (beverting) på Nordholmen, og støy frå bruva skal utbetrast.

Massco Ltd v/ Amber Dagnall og Daniel Evenson – 13.02.2019

Massco presiserer at dei fekk dokumentasjonen med under to ukar til uttalefrist, og tek etterhald om moglegheit til å komme med utfyllande kommentarar etter kvart.

Det blir retta klage mot at bruva blei stengt trass av deira vegrett, og at plandokumenta ikkje gjer klart nok greie for kva effekt planen vil ha for vegretten framover. Det blir poengtert at bruva er offentleg finansiert og skal vere open for allmenn ferdsel. Dei er ikkje blitt informert om at bruva er i privat eige. Det blir peika på støy frå bruva, og vist til at tidlegare eigarar har forplikta seg til å utbetre dette.

Dei stiller seg tvilande til parkering på fastlandet, og visar til anleggsarbeid, flytting og næringsdrift på øyane som døme på situasjonar der folk må køyre over bruva, og sidan det vil vere for mange grunnar til å køyre over vil løysinga fort bli tilsidesett. Vidare er ikkje bruva dimensjonert til å tillate kryssing for to køyretøy, eller både køyretøy og fotgjengrarar, samtidig, og at fotgjengrarar soleis utgjer ein fare når køyretøy utøver sin vegrett.

Det blir argumentert mot bruk av området langs Fv80 som parkeringsplass, sidan den er naudsynt for at større køyretøy skal kunne snu og at den fungerer som område for renovasjon. Det blir foreslått ein løysing med parkering både på fastlandet og øylene.

Det blir uttrykt bekymring for effekten ei utbygging vil ha på utsikten og privatlivet på eigedommen.

Data på naturmangfold i området er utdatert, og dekker ikkje artar som kan ha vakse til sidan området falt i vanhevd. Det er hevda å ha observert hoggorm, diverse fuglar, amfibium, insekt og dvergspissmus. Det blir hevda at svartelista art med svært høg risiko parkslirekne er utbreidd på nordre øya. Det blir kritisert at det ikkje er gjort ei fullstendig kartlegging av artar som grunnlag for planarbeidet. Det blir kravd at naturmangfold blir kartlagt, og at parkslirekna blir utrydda før ein sett i gang med planlegging.

Det ovanfornemnte stengsle over bruva vert kritisert som risikabelt med omsyn til utrykking i naudsituasjonar. Det er vidare ikkje ønskeleg å utvide fasilitetar for kafé, service og opphold då dagens fasilitetar er tilstrekkelege med betre vedlikehald. Oppstartsvarselet blir avslutningsvis skildra som lite utgreia og gjennomtenkt, og Massco Ltd motsett seg det på det sterkeste.

Kommentar: Planen har som intensjon å vidareføre alle tinglyste rettighetar. Det er høve å komme med merknadar i samband med offentleg høyring av planforslaget. Naturmangfold og landskapsbilete er blant tema som er vurdert i konsekvensutgreiinga.

Bjørn-Tore Anfinsen m.fl. - 13.02.2019

Brevet er underteikna av fire personar. Dei støtter seg til brev av dei andre naboane i Gåsevika, men ønsker å legge ekstra vekt på høva rundt Fv80. Den er ikkje egna for økt trafikkbelastning og krev

utbetringar, møteplassar før det er forsvarleg å legge opp til auka bruk. Det må greiast ut om vegen toler belastning frå tungtrafikk, spesielt med omsyn til rasfare. Det blir hevda at det er mykje ferdsel på vegen av mjuke trafikantar, og at 50 km/t fartsgrense er for høgt. Fartsgrensa bør vere 30 eller 40 km/t.

Kommentar: Trafikktihøva er skildra i planomtalen og som eige tema i konsekvensutgreiinga. Planlagd utbygging legg opp til betydeleg redusert trafikkmengd i høve gjeldande plan for Godøysund. Fylkesvegen har låg trafikkmengd i dag. Fartsegrensa på fylkesvegen er det vegeigar som må avgjere.

Fylkesmannen i Vestland – 13.02.2019

Fylkesmannen er kritisk til endring av gjeldande bygeområde som gir mindre friluftsområde i strandsona, og særleg i eit område som Godøysund.

Fylkesmannen legg vekt på området sine verdiar for ålmenta, og at det er i aktiv bruk.

Det blir påpekt at gjeldande plan legg opp til næringsmessig bruk og ikkje private fritidsbustadar. Gjeldande reguleringsplan fekk bygge tett på nordre Godøy mot at det ikkje blei bygd på Maurholmen og Midholmen. Det er vist til nasjonalt mål om å verne strandsona mot utbygging, og held fram at bygging skal fortrinnsvis skje i område utan strandsonekvalitetar. Dei ser ikkje grunnlag for ytterlegare bygging på Midholmen, og slår fast at bygging på Maurholmen er uaktuelt.

Fylkesmannen vil ikkje motsette seg forsiktig omstrukturering av bygeområde frå gjeldande plan, med oppdatering av planmaterialet etter ny plan- og bygningslov. Dei vil akseptere bygging rundt hotellet.

Fylkesmannen peiker på sitt ansvar for å fremje berekraftig utvikling til beste for samfunnet og framtidige generasjonar, ikkje berre for den einskilde. Når sterke samfunnsinteresser kan forsvare utbygging i strandsona, søker ein å finne fram til eigna plassering ut frå verdiar i strandsona, ikkje eigedomshøve.

Det blir konkludert med at Fylkesmannen vurderer planarbeidet som vesentleg i strid med nasjonale føringar og kommuneplanen i Tysnes kommune. Planarbeidet er vurdert til å ha vesentlege negative verknadar for strandsone, landskap og friluftsliv. Fylkesmannen rår frå å gå vidare med planarbeidet slik det er lagt opp til ved varsel om oppstart.

Kommentar: Strandsone, naturmangfold, friluftsliv og landskap inngår som fagtema i konsekvensutgreiinga.

Planmynda i kommunen og tiltakshavar drøfta innleiingsvis forskjellige utformingar av planen, og er samde om at Godøysund står ovanfor eit hevdsproblem då det har vist seg at rein næringsdrift er vanskeleg å gjennomføre. Det er vidare eit ønske om å halde området spreidd bygd med omsyn til landskapet, naturmiljøet og friluftslivet, utan store inngrep. Planen skal legge til rette for friluftsliv og ikkje legge opp til auka privatisering av strandsona.

Fortidsminneforeningen Hordaland avdeling – 13.02.2019

Det er vist til Godøysund sin historie som stoppestad og knutepunkt med gjestgjevargard, handelsstad og hotell. Restaurantbygningen blir framheva som interessant arkitektur- og kulturhistorisk reiselivsanlegg. Den er forsøkt tilpassa miljøet rundt og representerer kulturhistorie som ville vere eit tap om den blei rive. Saman med hamna, nøst og ballastrøysar fortel miljøet historia om Godøysund og burde bli ført vidare som sentralt opplevings- og møtepunkt. Mest mogleg gjenbruk av eksisterande bygningsmasse blir anbefalt for nye etableringar. Dei er skeptiske til fritidsbustadar og håld ved plassen som handelsstad. Dei tilrår grundig utredning av kulturminneverdiar.

Kommentar: Kulturarv og landskapsbilete er eige fagtema i konsekvensutgreiinga. Det er lagt opp til stor grad av gjenbruk av eksisterande bygg, men hotellbygget er i dårlig stand, og ikkje funksjonelt for planlagd bruk. Nye bygg skal innordna seg eksisterande bygningsmiljø, og det er sett krav til formingsrettleiar for å få ei heilsakleg hyttebygging. Historien til staden med handelsverksemد skal vidareførast med at området på kaien kan nyttast til servering, gjestehamn og selskapslokale med meir.

Hordaland fylkeskommune v/Regionalavdelinga – 13.02.2019

Planprogrammet framstår som eit godt utgangspunkt for den vidare prosessen. Tilgang til og bruk av strandsona må gis stor vekt, særleg medverknad med representantar for slike interesser. Planområde inngår i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger som ligg til handsaming hos KMD.

I landskap eksponert mot fjorden er landskapstilpassing, proporsjonar og arkitektur i harmoni med landskapet viktig. Området er klassifisert som svært viktig friluftsområde, som bør vere sentralt i planlegginga, og vil vere sentralt for fylkeskommunen i sin vidare handsaming av planen.

Det er vist til 100-m beltet i plan- og bygningslova med tilhøyrande statlege planretningslinjer. Regional kystsoneplan har som delmål 3.1 å syte for god sameksistens mellom interesser, samt sikre og forbetre landskap, kulturminne, kulturmiljø og friluftsliv i strandsona. Godøya er eitt av 14 regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne, grunna fuglereservat i vest, kulturminnerik strandsone og potensiale for marine kulturminne. Det er eit svært viktig (verdi A) regionalt friluftsområde, og har stor landskapsverdi i den nordlege sona. Nye tiltak skal vere tilpassa og ta vare på dei konkrete verdiane i sitt område. Eksisterande næringsområde kan vidareførast.

Fylkeskommunen held fram at sjølv om areala er regulert til byggeområde for næringsverksemd vil det ikkje automatisk vere eigna til fritidsbustadar, sidan fritidsbustadar er meir privatiserande enn turistbasert næring. Det blir råda frå å etablere einskilde naust i planområdet, og ved behov heller bygge felles anlegg. Det bør vere lagt opp til god lokalisering av vinteropplag av båtar.

God, sikker og uhindra tilgang til attraktive areal for born og unge må vere vektlagt. Klimavenlege løysingar for bygging, bruk og drift samt klimatilpassing må vere sikra.

Fylkeskonservatoren minner om plikt til tidleg dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø. Planskildringa må omtale kvart enkelt objekt av eventuell kulturminneinteresse, og vise omsyn til disse i planarbeidet. Det blir vist til at bygningane ikkje er SEFRAK-registrert. Videre er det varsla krav om arkeologiske registreringar i brev av 24.01.2019. Saken er også lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum som varslar at dei grunna høg aktivitet i eldre tid i området vurderer det som sannsynleg med maritime kulturminne elles i planområdet, og vil foreta undersøkingar. Det er oppfordra til å kontakte museet for å arrangere feltundersøkingane.

Det er vurdert som positivt om det kan bli etablert ny næringsverksemd basert på gjestehamn og areala disponert av det gamle hotellet. Det er ikkje ønskeleg med bustadar i planområdet. Attraktive objekt og areal må vere universelt tilgjengelege.

Kommentar: Innspela er i hovudsak ivaretake i planforslaget.

Hege Stormark 15.02.2019

Opplyser via telefon om at brukare av deira fritidsbustad på Vetla Godøya har parkeringsinteressar innanfor planområdet. Dei har over lang tid brukt å stå langs vegen då dei ikkje har tinglyst parkeringsplass. Dei ønsker å stå på lista som blir underretta om planarbeidet, spesielt om høve som røyrer ved parkeringssituasjonen deira.

Kommentar: Planen har som intensjon å vidareføre alle tinglyste rettighetar. I tillegg er det teke høgde for at det kan etablerast noko meir parkering for hytteigarar i Godøysundet. Avtalar om dette må komma i etterkant av planarbeidet, med grunneigarar av området.

Fiskarlaget Vest 20.02.2019

Fiskarlaget opplyser generelt om at det kan oppstå konflikt mellom hytteigarar og fiskarar, spesielt som følgje av fiske om natta. Vidare er det peika på kommunen sitt ansvar til å tek vare på lokale fiskeinteresser då Fiskeridirektoratet tek vare på sterke regionale og nasjonale interesser.

Det er ikkje registrerte fiskeriinteresser innanfor planområde, men det er område brukt til fiske utanfor planområdet. Det går også føre seg fiske som ikkje er registrert i karta, t.d. leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Potensiell forureining som følgje av småbåthamn/-anlegg må bli vurdert. Det er vist til publiseringar kring småbåtanlegg. TA-2751/2010 kartlegg forureining av grunn og sjøbotn med hovudkjelde frå spyling og vedlikehald av skrog. CIENS-rapport 2-2011 gir råd om korleis ein avgrensar negativ miljøpåverknad frå småbåthamner.

Det blir anbefalt med samla vatn- og avlaupsplan for området, og at dette inngår i konsekvensutgreiinga.

Fiskerinæringa er bygd på biologisk fornybare prosessar som er avhengig av reint og produktivt kyst- og havmiljø fritt for miljøgift, framandstoff og legemiddel. Dei forutsett derfor at tiltaket ikkje skadar vasskvalitet eller naturmangfald i sjø.

Kommentar: Byggeområde for nye fritidsbustadar er lagt med avstand frå strandlinja, og det er lagt opp til fellesanlegg i sjø. Forureining av vassmiljø er tema i KU.

Vass og avlaupsløysingar skal vera i tråd med krav, og vert vidare planlagd i teknisk plan.

11 Avsluttande kommentar

Sidan 2008, då gjeldande reguleringsplan blei vedteken, har planområdet fått nye grunneigarar, og for desse er ei utbygging etter gjeldande plan ikkje sett på som realistisk i dette området. Sidan drifta av restaurantbygget stoppa opp i 2006 har bygningane og eigedommen stått til forfall. Planforslaget har som føremål å legga til rette for nytt liv på Godøysund, og føreslått utbygging er tilpassa omkringliggende landskap og busetnad.

12 Vedlegg

Vedlagte dokument følgjer planskildringa.

Dokument	Dato	Revisjonsdato
Plankart	01.11.2021	
Føresegner	01.11.2021	
Andre vedlegg		
Innkomne merknader		
SOSI- eksport og loggfil		

13 Kjeldeliste

Følgjande kjelder er nytta i skildringar og vurderingar i rapporten. Alle kjelder er henta inn i perioden august – september 2021.

¹ Statens vegvesen, <https://www.vegvesen.no/siteassets/content/vedlegg/handboker/hb-v712-konsekvensanalyser-2021.pdf>

² Miljødirektoratet, [https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/overvaking-arealplanlegging/konsekvensutredninger/kunnskapsgrunnlaget/innhente-kunnskap-om-klima-og-miljø/er-kunnskapsgrunnlaget-tilstrekkelig/](https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/kunnskapsgrunnlaget/innhente-kunnskap-om-klima-og-miljø/er-kunnskapsgrunnlaget-tilstrekkelig/)

³ Vestlandfylke.no <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar/regionalt-kystsoneplan-for-sunnhordland-og-ytre-hardanger/>

⁴ Hordaland fylkeskommune/Aurland naturverkstad (2011) <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/diverse-dokument/2011-07-verdivurdering-av-landskap-i-hordaland-fylke.pdf>

⁵ Artsdatabanken.no <https://artsdatabanken.no/Rodliste2015/rodliste2015/Norge/80790>

⁶ Artsdatabanken.no <https://artsdatabanken.no/Rodliste2015/rodliste2015/Norge/71161>

⁷ E39, Stord-Os, Naturmangfald (22.03.2021), Asplan Viak for Statens vegvesen - <https://www.vegvesen.no/globalassets/vegprosjekter/utbygging/e39stordos/vedlegg/e39-stord-os-verdivurdering-naturmangfald-22.03.2021-endelig-rapport.pdf>

⁸ Miljødirektoratet <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/vurdere-miljokonsekvensene-av-planen-eller-tiltaket/naturmangfold/vurdere-konsekvens-for-hvert-delområde/>

⁹ Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune: https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-plantema/regionale-friluftsomrade-i-hordaland_prosjecktrapport2008-web.pdf

¹⁰ Miljødirektoratet naturbase <https://geocortex01.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

¹¹ Merkehandboka.no https://www.merkehandboka.no/wp-content/uploads/merkehandboka/Merkehandbok_2019.pdf

¹² Statens vegvesen – vegkart [https://vegkart.atlas.vegvesen.no/#kartlag:geodata/@-24291.6695980.16/hva:~\(~/id~540\)\)/vegsystemreferanse:-24228.966:6695930.749](https://vegkart.atlas.vegvesen.no/#kartlag:geodata/@-24291.6695980.16/hva:~(~/id~540))/vegsystemreferanse:-24228.966:6695930.749)

¹³ Transportøkonomisk institutt <https://www.toi.no/forskningsområder/regionalt-utvikling-og-reiseliv/60-000-kroner-i-arlig-forbruk-per-hytte-article30991-221.html>

¹⁴ Økokyst – delprogram Hordaland, M-729 miljøovervåkning (april 2017) - <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M729/M729.pdf>

¹⁵ DSB <https://www.dsbinf.no/DSBno/2017/tema/samfunnssikkerhet-i-kommunens-arealplanlegging-metode-for-risiko-og-saarbarhetsanalyse/?page=38>